

# **Masteroppgåve**

**Masterstudium i fysioterapi – fordypning eldre**

**MAI 2020**

**«Har høgintensiv, variert gangtrening ein påverknad  
på fatigue, affektive symptom og søvnforstyrningar  
hos hjerneslagspasientar i subakutt fase?»**

**Ein kvantitativ, kvasieksperimentell pre-post-studie med kontrollgruppe**

Kandidatnamn: Hanne Fuglø

Kandidatkode: 409

Emnekode: MAFYS5900

Tal på ord:

**Fakultet for helsevitenskap**

## **Forord**

Når eg leverer denne masteroppgåva, markerer den slutten for mitt masterstudium i fysioterapi ved OsloMet - storbyuniversitetet. Det har vore spennande og lærerike år, og eg kjem til å dra god nytte av kunnskapen eg har fått tilegna, både gjennom spennande fag og ikkje minst gjennom masteroppgåva.

Eg vil gjerne bruke denne vesle pustepausen før ein kjem til sjølve oppgåva til å takke dei som har hjulpe meg stort gjennom heile denne prosessen. Aller først vil eg rette seie tusen takk til min hovudvegleiar Therese Brovold for stor hjelp frå start og heilt til siste slutt. Tusen takk for gode tilbakemeldingar og oppmuntringar underveis, det har blitt sett umåteleg stor pris på. Vidare vil eg takke min bivegleiar Elisabeth Bø for god hjelp med idemyldring i startfasen og hjelp med datamateriale.

Stor takk til Regional kompetansjeneste for rehabilitering (RKR) underlagt Sunnaas Sjukehus, avd. for klinisk service, seksjon for fysioterapi ved OUS og Forsterket rehabilitering Aker - Oslo kommunes rehabiliteringspost på Aker helsearena for at eg fekk bruke datamateriale frå FIRST-Oslo-prosjektet.

Til slutt vil eg takke min kjære forlovede og klippe, Mirza, for uvurderleg hjelp og støtte i skrivetida. Volim te!

## **Samandrag**

**Bakgrunn:** Trass at mange hjerneslagspasientar opplever emosjonelle og kognitive symptomer som sekveler etter hjerneslag, vert desse symptomata ofte oversett både i klinisk praksis og i forskning. Formålet med denne studien var å undersøke om høgintensiv, variert gangtrening førte til ein signifikant skilnad i endring i fatigue, affektive symptom og søvnforstyrningar hos inneliggande slagpasientar i subakutt fase, samanlikna med slagpasientar som gjennomførte konvensjonell slagrehabilitering.

**Metode:** Denne studien er eit kvasieksperimentelt pre-post-studie med kontrollgruppe, der det vart brukt data samla inn på førehand frå prosjektet FIRST-Oslo («Focused Intensive Repetative Step Training»). Det var totalt 101 deltagarar ved baseline, som var fordelt i ei intervensjonsgruppe (n=51) og ei kontrollgruppe (n=50). PROMIS kortformskjema for fatigue/utmattelse, depresjon, angst og søvnforstyrningar vart registrert ved baseline og ved utskriving. Kontrollgruppa mottok «treatment as usual», medan intervensjonsgruppa mottok variert, intensiv gangtrening med definerte mål om andel av behandling i gange, samt intensitetsmål satt til puls (70-80% av makspuls).

**Resultat:** Det var ingen signifikant skilnad i endring i fatigue mellom gruppene ( $p=.267$ ). Det var ingen statistisk signifikant skilnad i affektiv depresjonssymptomatikk ( $p=.09$ ), men det var ein grensesignifikant skilnad i endring i affektiv angstproblematikk ( $p=.052$ ) og ein signifikant skilnad i endring i søvnforstyrningar ( $p=.048$ ). Intervensjonsgruppa hadde ein liten, men statistisk signifikant endring internt innanfor kvart av PROMIS-verktøya, medan kontrollgruppa hadde berre signifikant endring i PROMIS Søvn. Berre PROMIS Søvn hadde ein klinisk signifikant endring i utvalet som heilskap og internt for intervensjonsgruppa, men skilnaden mellom gruppene var ikkje stor nok til å vere klinisk signifikant.

**Konklusjon:** Høgintensiv, variert gangtrening gav ikkje ein signifikant større endring i fatigue og affektiv depresjonssymptomatikk mellom gruppene, men viste ein statistisk signifikant betring i søvnforstyrningar og trend mot signifikant betring i affektiv angstsymptomatikk.

*Nøkkelord: Hjerneslag, fatigue, affektiv symptomatikk, depresjon, angst, søvnforstyrningar*

## **Abstract**

**Background and purpose:** Despite the fact that many stroke patients experience emotional and cognitive symptoms as sequelae after stroke onset, these symptoms are often overlooked both in clinical practice and in research. The goal of this study was to assess whether high-intensive, varied step training lead to a significant difference in change in domains of fatigue, affective symptoms and sleep disturbances with inpatients with stroke in sub-acute phase, compared to a control group who received ordinary stroke rehabilitation.

**Method:** Designed as a quasi-experimental pre-post-study with control group, the data for this study was provided by the FIRST-Oslo project («Focused Intensive Repetitive Step Training»). At baseline 101 inpatients with stroke in Oslo University Hospital (OUS Aker) or Aker Rehabilitation (FRA) were included, where the control group (50) was recruited before a site-wide introduction of intensive varied step training as a rehabilitation intervention, whereas the intervention group was included after the intervention change. PROMIS Short forms for fatigue, depression, anxiety and sleep disturbances were registered at baseline and at discharge. The control group received “treatment-as-usual”, while the intervention group received varied intensive step training with defined goals about intensity, i.e. time spent walking in active treatment and intensity goals of 70-85% of heart rate reserve.

**Results:** There were no significant differences in change in fatigue between the groups ( $p=.267$ ). There were no statistically significant differences in change in affective symptoms of depression, ( $p=.09$ ), but there was a difference in change bordering significance in affective symptoms of anxiety ( $p=.052$ ), and a statistically significant difference in change for sleep disturbances ( $p=.048$ ). The intervention group had a small, but statistically significant internal change in each of the PROMIS domains, while the control group only had a significant change in PROMIS Sleep Disturbances. Only PROMIS Sleep was considered to have a change that clinically significant from baseline to discharge, both in total and for the intervention group, but the difference between the groups was not big enough to be clinically significant.

**Conclusion:** High-intensive, varied step training did not yield a significant change between groups in fatigue and in affective symptoms of depression, but showed a statistically significant improvement in sleep disturbances and a trend towards significant change in affective symptoms of anxiety.

*Keywords: stroke, fatigue, affective symptoms, depression, anxiety, sleep disturbance*

Liste over forkortinger. I teksten presenterast desse i fulltekst første gong dei brukast, etterfulgt av forkortinga i parentes.

FIRST: Focused, intensive, repetitive step training

PROMIS: Patient Related Outcome Measures

PSF: "Post-stroke fatigue", fatigue etter hjerneslag

RTM: "Regression to the mean"

MID= «minimal important difference»

## Figurer og tabellar

<b>Tabell 1</b> Bakgrunnsvariabler og score på skjema ved innkomst .....	<b>37</b>
<b>Tabell 2</b> Endring i PROMIS-score fra baseline til utskriving .....	39

<b>Figur 1</b> Faser i hjerneslag .....	<b>12</b>
<b>Figur 2</b> Modell for fatigue etter hjerneslag .....	16
<b>Figur 3</b> Figur for inklusjon av deltakarar .....	35
<b>Figur 4</b> Endring av PROMIS Fatigue etter gruppetilhøyre .....	<b>40</b>
<b>Figur 5</b> Endring av PROMIS Depresjon etter gruppetilhøyre.....	40
<b>Figur 6</b> Endring av PROMIS Angst etter gruppetilhøyre.....	41
<b>Figur 5</b> Endring av PROMIS Søvn etter gruppetilhøyre .....	42

## **1. Introduksjon**

### **1.1.Bakgrunn**

Kvart år blir omlag 13000 ramma av hjerneslag i Noreg(*Hjerte- og karregisteret: Rapport for 2012–2016*, 2018). Av desse er det stadig fleire som overlever hjerneslaget, og fleire og fleire lever då med symptoma som etterfølger hjerneslag. I norske slagenhetar er det ein stor kompetanse på kartlegging og behandling av motoriske, sensoriske og kognitive utfall, men det er lite systematisk kartlegging i samanheng med emosjonelle og kognitive symptom som fatigue, depresjon og angst (B.; Fure, 2007). Desse symptoma er sekveler etter hjerneslag som vert oversett både i den daglege praksis (B.; Fure, 2007) og i forskning(Galligan, Hevey, Coen, & Harbison, 2016; Staub & Bogousslavsky, 2001), trass i ein stor prevalens i pasientgruppa.

Fatigue kan beskrivast som ei kjensle av ei tidleg utmatting med energimangel og aversjon mot anstrenging som kjem etter mental eller fysisk aktivitet (Staub & Bogousslavsky, 2001). Fatigue etter hjerneslag er ei kompleks, subjektiv oppleveling, som opp mot 40% av hjerneslagspasientar beskriv som si største utfordring etter hjerneslaget (Ingles, Eskes, & Phillips, 1999). Fatigue etter hjerneslag opptrer også gjerne saman med andre affektive symptom, som depresjon, angst, og søvnproblematikk, og ved fleire av faktorane ser ein både ein sterk korrelasjon eller resiprok påverknad(Wu, Mead, Macleod, & Chalder, 2015), i tillegg til at dei også kan forekomme uavhengig av kvarandre.

Studia som har undersøkt fatigue etter hjerneslag er prega av høg heterogenitet og har som regel ikkje fatigue eller affektive symptom som hovudutfallsmål, og det er få studiar som har sett på fysisk aktivitet som intervension(Wu et al., 2015). Hos andre grupper med fatigueproblematikk har trening vist ein moderat effekt, til dømes på pasientar med multippel sklerose (Halabchi, Alizadeh, Sahraian, & Abolhasani, 2017) og kreft (Kampshoff et al., 2015). Ein nederlandsk studie viste at gradert fysisk aktivitet saman med kognitiv terapi har større effekt på fatigue enn kognitiv terapi aleine, men i denne studien var ikkje intensiteten beskrive. Når det gjelder depressive symptom ser vi ein tendens til at slagpasientar som trener med høgare intensitet, har ein lågare risiko for å utvikle depressive symptom(Aaron, Gregory, & Simpson, 2016), men definisjonen av «intensitet» varierer mellom studiene, og veksler med

å henvise til frekvensen av øktene; korte, men ufullstendige skildring av treningsformen, eller manglende skildring av tiltaket generelt.

Moderprosjektet til denne studien, FIRST-Oslo-prosjektet, er eit implementeringsprosjekt som ser på korleis intensiv gangrehabilitering kan implementerast ved norske rehabiliteringsavdelingar. Høgintensiv gangtrening hos slagpasientar i subakutt fase visar i kliniske studiar ein signifikant betring i gangfunksjon (Hornby et al., 2016) og styrke i underekstremitetar og balanse (Straube et al., 2014), men det er forska lite på korleis denne typen intensiv trening påverker fatigue og affektive symptom.

## **1.2. Formål og problemstilling**

Eg har i mi masteroppgåve teke utgangspunkt i FIRST-Oslo-prosjektet, eit implementeringsprosjekt som ser på korleis intensiv gangrehabilitering kan implementerast ved norske rehabiliteringsavdelingar, noko som blir nærmere beskrive i kapittel 3.X. Mitt formål med denne studien var å bruke datamaterialet innhenta i FIRST-Oslo til undersøke om implementeringa av intensiv, variert gangtrening som intervasjon påverkar grad av subjektiv fatigue. Grunna det samansatte symptombiletet av fatigue, vil òg affektive symptom og søvnforstyrningar bli undersøkt på same måte.

I denne studien er hovudproblemstillinga sett til:

**«Kan intensiv, variert gangtrening gje ei signifikant endring i subjektiv fatigue hos hjerneslagspasientar i subakutt fase, samanlikna med konvensjonell fysioterapi?»**

Basert på korleis det nære forholdet mellom fatigue, affektive symptomar og søvnforstyrningar, vart det satt ei sekundær problemstilling:

**«Kan intensiv, variert gangtrening gje ei signifikant endring i affektive symptomar og søvnforstyrningar hos hjerneslagspasientar i subakutt fase?»**

Desse problemstillingane har då vorte delt inn i fire hypotesar:

- Gruppa som har gjennomgått intensiv, variert gangtrening opplever ein signifikant skilnad i endring av subjektiv fatigue, samanlikna med den konvensjonelle gruppa.
- Gruppa som har gjennomgått intensiv, variert gangtrening opplever ein signifikant skilnad i endring av affektiv depresjonsymptomatikk, målt e samanlikna med den konvensjonelle gruppa.

- Gruppa som har gjennomgått intensiv, variert gangtrening opplever ein signifikant skilnad i endring av affektiv angstsymptomatikk samanlikna med den konvensjonelle gruppa.
- Gruppa som har gjennomgått intensiv, variert gangtrening opplever ein signifikant skilnad i endring av grad av søvnforstyrningar samanlikna med den konvensjonelle gruppa.

Nullhypotesen for kvar av desse hypotesene vart altså at intervensionsgruppa *ikkje* opplever ein signifikant endring i symptomatikk.

### **1.3.Operasjonalisering**

Med *fatigue* meinast det i denne studien fatigue etter hjerneslag, som kort kan beskrivast som ei overveldande kjensle av utmatting eller av å vere sliten, og som ikkje samsvarar med nyleg anstrenging(de Groot, Phillips, & Eskes, 2003). Dette er ein noko begrensa definisjon, som vil bli forklart ytterlegare i kapittel 2. Denne vil i oppgåva bli beskrive under forkortinga PSF («post-stroke fatigue»). *Subjektiv fatigue* er korleis pasienten sjølv opplever symptoma av fatigue, og i kva grad dei vert påverka av denne.

*Affektive faktorar* vil i denne studien bety affektiv depresjons- og angstsymptomatikk. Med *affektiv depresjonssymptomatikk* meinast affektive og kognitive manifestasjonar av depresjon, i motsetjing til det fulle diagnostiske biletet til depresjon, som t.d. inneheld somatiske faktorar som fatigue og matlyst, samt søvnproblematikk(Pilkonis et al., 2011). *Affektiv angstsymptomatikk* beskriv likeledes dei affektive dimensjonane av angst, som frykt, bekymring, nervøsitet og kjensle av å vere anspent(Pilkonis et al., 2011), og vil ikkje ta føre seg somatiske konsekvensar og symptom av angst, som t.d. abdominal- og brystsmerter, svimmelhet og hodepine. Andre affektive symptom, som emosjonell instabilitet, nedsett initiativ og krisreaksjon(B.; Fure, 2007) vil ikkje bli omfatta i denne studien.

*Søvnforstyrringar* vil i denne studien vere avgrensa til deltakarene sin subjektive oppleving av søvnkvalitet og vanskar med å sovne, å halde seg vaken og om dei føler seg utkvilt av denne søvnen.

### **1.4.Konteksten til studiet**

FIRST-Oslo-prosjektet, som er eit samarbeidsprosjekt mellom Sunnaas Sjukehus, OUS Aker og Oslo Kommune, er eit implementeringsprosjekt som ser på korleis intensiv

gangrehabilitering kan implementerast ved norske rehabiliteringsavdelingar. Målet til FIRST-Oslo-prosjektet er todelt, og går ut på å forbetre tjenestekvaliteten ved å:

1. Standardisere bruk av måleverktøy for gangfunksjon etter hjerneslag
2. Prøve ut og implementere høgintensiv gangtrening for pasienter med nedsett gangfunksjon etter hjerneslag.

I denne oppgåva vil eg bruke datamaterialet frå FIRST-Oslo-prosjektet for å sjå om det er nokon skilnadar i sjølvrapportert fatigue- og depresjonssymptom, målt ved hjelp av PROMIS kortformsskjema, hos to grupper i subakutt fase etter hjerneslag. Éi gruppe vil ha gjennomgått intensiv, variert gangtrening (heretter kalla intervensionsgruppe), og den andre gruppa har gjennomgått konvensjonell slagrehabilitering, dvs. «treatment-as-usual» på rehabiliteringsinstitusjonen (heretter kalla konvensjonell gruppe).

## **2. Teori**

I dette kapittelet presenterast teorien som dannar bakgrunnen for mi problemstilling og metoden som har vorte nytta i denne studien. I første del av kapittelet legg eg fram teori og litteratur knytta rundt hjerneslag, fatigue, depresjon, angst og søvn, samt korleis fatigue etter hjerneslag truleg vert påverka av desse og andre faktorar. I andre del presenterer eg forsking gjort på trenings- og fatigue/affektive faktorar etter hjerneslag. Til slutt kjem eg til å presentere slagrehabilitering i tidleg subakutt fase slik praksisen i dag gjennomførast, samt intervensionen som vart implementert i FIRST Oslo.

### **2.1.Hjerneslag**

#### **2.1.1. Definisjonar, årsakar, forekomst og forløp**

Hjerneslag definerast som ei plutselig oppstått global eller fokal forstyrring i hjernen sine akutte funksjonar av vaskulær årsak, som vedvarer i meir enn 24 timer eller leier til død før dette (*Hjerte- og karregisteret: Rapport for 2012–2016*, 2018). I rundt 85% av tilfella er dette grunna eit *hjerneinfarkt*, og i om lag 15% av tilfella skuldast dette *hjerneblødning*.


Hjerneinfarkt, eller iskemisk slag, er ei tilstopping av ei blodåre som fører blod til større eller mindre deler av hjernen. Tilstoppinga kan skuldast ei trombose som har oppstått lokalt på grunn av åreforkalkning, alternativt skuldast tilstoppinga ein blodpropp (embolus) frå ein annan stad i blodåresystemet, til dømes hjartet eller ein av dei store halsarteriane. Ei hjerneblødning skuldast ein vaskulær ruptur, som leier til ei intraparenkymal og/eller subaraknoidal blødning. Heretter vil begrepet «hjerneslag» omfatte både hjerneinfarkt og hjerneblødning.

I 2016 fekk 13000 hjerneslag, der nesten 11 000 fekk slag for første gong. Av desse døyr om lag 1900, noko som gjer hjerneslag til den tredje vanlegaste dødsårsaka i Norge(*Hjerte- og karregisteret: Rapport for 2012–2016*, 2018). Om lag to tredjedelar av dei som overlever hjerneslag har éi eller anna form for permanent funksjonsnedsetjing som krevjar rehabilitering, noko som også gjer hjerneslag til den største årsaka for alvorleg, langvarig funksjonsnedsetjing på verdensbasis(Feigin, Lawes, Bennett, Barker-Collo, & Parag, 2009)Grunna framsteg i akutt slagbehandling, og då særskilt rutinar for trombosebehandling og trombektomi, har mortaliteten ved hjerneslag gått gradvis nedover dei siste åra, noko som gjer at det er fleire og fleire som lever med sekveler etter hjerneslag. Det er riktig nok ein svak nedgang i hyppigheten av hjerneslag, der insidentraten frå 2012 til 2016 har gått ned frå 267 til 245 per 100 000(*Hjerte- og karregisteret: Rapport for 2012–2016*, 2018). Denne

nedgongen veier ikkje opp mot at vi er på veg på å få ei stadig eldre befolkning, og med ein aukande risiko for hjerneslag ved høgare alder vil vi møte fleire tilfelle av slag i framtida (Ellekjær & Selmer, 2007) i tillegg til at fleire og fleire vil overleve hjerneslag og leve med sekveler.

### 2.1.2. Faser i hjerneslag

Fasene i hjerneslag kan delast inn i fem faser: hyperakutt, akutt, tidleg subakutt, sein subakutt og kronisk fase (Bernhardt et al., 2017), som vist i figur 1.



Figur 1: Framework for defining phases in stroke, henta med tillatelse frå "Agreed definitions and a shared vision for new standards in stroke recovery research: The Stroke Recovery and Rehabilitation Roundtable taskforce", av Bernhardt et al., 2017.

*Hyperakutt fase* er dei første 0-24 timane etter hjerneslaget, som er prega av celledød (og hos pasientar med hjernebløding: utviding av hematomet). I denne fasen ligg hovudfokuset på rask diagnostisering og behandling, til dømes trombolysebehandling(Helsedirektoratet, 2017), og det er ikkje anbefalt svært tidleg mobilisering i denne fasen (<24 timer) (B. Fure et al., 2018).

Vidare går ein inn i *akutt fase*, som kan vare frå 1-7 dagar etter symptomstart, som er prega av inflamasjon og arrvevsdanning i affiserte områder i hjernen(Bernhardt et al., 2017). Her er det fokus på tidleg mobilisering, monitorering av fysiske parametre, væsketilførsel og eventuelt oksygentilførsel ved behov. Pasientar med få utfall kan mobiliserast tidlegare enn pasientar som er meir ustabile, og det blir anbefalt hyppig mobilisering med kort varighet. Så snart akutt diagnostikk og evt. behandling er gjennomført, anbefalast det at pasienten blir overført til ein slagenhet(Helsedirektoratet, 2017).

Den *subakutte* fasen overtek så, og kan delast inn i *tidleg subakutt fase* (som vil seie frå den akutte fasen avsluttast til ca. 3 månader etter symptomstart) og *sein subakutt fase* (3-6 månader)(Bernhardt et al., 2017). Den tidlege subakutte fasen blir ofte beskrive som eit

«sensitiv fase», der fleire endringar i hjernen fører til eit særegen miljø med forhøya plastisitet. Det er i denne fasen at vi ser størst grad av betring, som både er eit resultat av spontan reorganisering etter skaden og som eit resultat av trening og rehabilitering(Zeiler & Krakauer, 2013). Dette er den fasen som er viktigast å undersøke når ein ønskjer å sjå på tiltak for betring av funksjon etter hjerneslag, då det begrensa tidsrommet gjer det viktig å setje inn det mest effektive tiltaket for betring(Bernhardt et al., 2017). Betring i denne samanheng vil bety både den direkte gjenvinninga av tapt funksjon (også kalla «ekte gjenvinning») og utvikling av kompensasjonsstrategiar for tapt funksjon (Zeiler & Krakauer, 2013). Når man går over i sein subakutt fase, vil denne særegne auka i plastisitet gå tilbake, og betring vil i større grad bestå av utvikling av kompenserande strategiar.

Målet med denne fasen er at pasienten skal få ein effektiv og heilskapleg behandling der rehabilitering av tapt funksjon, tilrettelegging og tilpasning til heimen er i fokus(Helsedirektoratet, 2017). Pasientar utan vedvarande utfall vert sendt heim utan oppfølging, pasientar med mild til moderat grad av funksjonstap reiser heim med oppfølging frå rehabiliteringsteam eller liknande, og pasientar med behov for dette reiser til dag- eller døgnrehabilitering i regi av kommunal helseteneste eller spesialisthelseteneste..

Etter 6 månader seier ein som regel at ein er inne i kronisk fase, der det framleis er mogleg med betring, men i mindre grad enn i tidlegare faser(Bernhardt et al., 2017). Sjølv om det er noko plastisitet også her, liknar denne i større grad på den «vanlige» treningsinduserte plastisiteten hos menneske utan hjerneslag. Størstgraden av motorisk betring i denne fasen vil då bestå av meistring av kompensasjonstrategiar. Fokuset i denne fasen er at pasientar som treng vedvarande tilrettelegging og oppfølging får dette, og at det blir fokusert på meistring av aktivitetar og daglege oppgåver(Helsedirektoratet, 2017).

Desse fasene kan brukast i forløpet til både hjerneinfarkt og hjerneblødning og er basert på ein konsensusrapport som vart utarbeida i 2017 for å klargjere og tidfeste begrep brukt om hjerneslag. (Bernhardt et al., 2017). Deltakarane i denne studien er henta frå pasientar i slagenhet i subakutt fase.

## **2.2.Funksjonsutfall etter hjerneslag**

Utfall som er vanlege etter hjerneslag er delvis eller totalt tap av styrke i ansikt og over- og/eller underekstremitetar, språkvanskar, tap av sensibilitet, synsfeltsutfall, nedsatt kognitiv

funksjon, neglekt, emosjonelle og psykiske plagar og smerter(Helsedirektoratet, 2017). Desse utfalla påverker vidare fysisk funksjon, og mange hjerneslagspasientar opplever nedsett gangfunksjon, nedsett balanse, motoriske vanskar i over- og/eller underekstremitetar, som vidare påverker moglegheiten dei har for å oppretthalde aktivitet og gjennomføre oppgåver som dei gjorde før slaget(Helsedirektoratet, 2017). Dette får store konsekvensar for mobilitet, og vi ser at hjerneslagspasientar, både dei med god eller meir begrensa gangfunksjon må bruke betydeleg meir energi i gange enn i kontrollgruppe på same alder (Polese, Ribeiro-Samora, Lana, Rodrigues-De-Paula, & Teixeira-Salmela, 2017)

## 2.3.Fatigue etter hjerneslag

### 2.3.1. Definisjonar, prevalens, moglege årsakar og konsekvensar

Fatigue etter hjerneslag (PSF=post-stroke fatigue) er ei multidimensjonal motor-sensorisk emosjonell og kognitiv erfaring etter hjerneslag (Acciarlesi, Bogousslavsky, & Paciaroni, 2014) som rammer mellom 23-92% av dei som overlever hjerneslag(Choi-Kwon & Kim, 2011; Duncan, Wu, & Mead, 2012). Denne store variasjonen reflekterer heterogeniteten i studiene som har vorte gjennomført, tida etter slaget, kva måleverktøy som har vorte brukt, og om pasientar med affektive lidingar har blitt inkludert i studien eller ikkje (Choi-Kwon & Kim, 2011; Wu et al., 2015). 40% av hjerneslagspasientar rapporterer at PSF er eit av deira mest alvorlege symptom(Ingles et al., 1999), og spesielt for mange av dei som har milde til moderate utfall ellers kan PSF vere til stor hindring for vidare rehabilitering(Staub & Bogousslavsky, 2001). Fatigue er ein uavhengig predikator for funksjonsnedsetjing og auka omsorgsbyrde etter slag, både som ein enkeltståande faktor, men også saman med depresjon(Mandliya et al., 2016).


Dei aller fleste vil oppleve normal fatigue i periodar. Dette er ein fatigue som kjem av ei overanstrenging og som kan lindrast med kvile. Patologisk fatigue skil seg frå denne ved at den er karakterisert som ein kronisk, vedvarande og overdriven mangel på energi, og som påverker daglege aktivitetar(Hinkle et al., 2017). PSF er altså ei av undergruppene av patologisk fatigue. PSF har mange likskapar med fatigue innanfor andre diagnoser, men også fleire ulikskapar. Ein studie som samanlikna pasientar med hjerneslag med pasientar med andre diagnosar som opplever fatigue, såg på likskapar og skilnadar i korleis dei opplevde (Eilertsen et al., 2015). Fatiguen som slagpasientane opplevde, var lik dei andre pasientane sin i eigenskap av at det var ein ukjent form for utmatting eller kjensle av trøyttheit, som følast

uforutsigbar og vanskeleg å kontrollere, og at den var usynleg for andre og vanskeleg å beskrive. Fatigue som eit usynleg symptom auker byrden av symptomata med tanke på korleis dette påverkar pasienten sitt forhold med andre rundt seg, der pasienten opplever at pårørande og andre ikkje tek symptomata på alvor, og gjer at det er vanskeleg å forklare skilnaden mellom å oppleve fatigue og å berre «vere sliten». Der fatigue hos pasientar med MS og fibromyalgi opplevast som ein konstant tilstand, var den hos slagpasientar ein varierande tilstand, der dei i periodar kunne vere uaffektert av fatigue. Denne variasjonen, som både kan variere frå dag til dag eller i løpet av eit døgn, er òg rapportert hos andre som har sett på karakteristikkane til PSF samanlikna med andre typar patologisk fatigue <kjelde>. Ein anna skilnad mellom hjerneslagpasientane og dei med andre diagnosar var ei auka sensibilitet for stress, der sensitivitet for både lyd og lys kunne framkomme(Eilertsen et al., 2015).

Ingen av dei noverande definisjonane av PSF er spesifikke for hjerneslag(Hinkle et al., 2017). Ein av dei mest brukte er «Ei kjensle av tidleg utmatting med slitenhet, mangel på energi og aversjon mot anstrenging som vanlegvis ikkje er lindra av kvile (Staub & Bogousslavsky, 2001)». PSF kan delast inn i både ein fysiologisk dimensjon, psykologisk/kognitiv dimensjon og adferdsdimensjon (Choi-Kwon & Kim, 2011; Galligan et al., 2016), der dimensjonane òg spelar inn på kvarandre.

### **2.3.2. Årsakar**

PSF er eit multifaktorielt syndrom som truleg avhenger av fleire faktorar etter hjerneslag, og der vi enno ikkje har full innsikt i alle dei underliggende årsakane. For å kunne illustrere moglege faktorar for PSF har eg valgt å ta utgangspunkt i den konseptuelle modellen til Wu, Mead, Macleod og Chalder, som er basert på litteratur om fatigue hos andre grupper og evidens frå studiar om fatigue og hjerneslag(Wu et al., 2015). Denne modellen tek føre seg predisponerande faktorar og det samansette forholdet mellom fatigue og andre faktorar i etterkant av hjerneslaget – der forskjellige faktorar speler inn forskjellig på tidleg fatigue og seinare fatigue, og at desse faktorane òg påverkar kvarandre.



*Figur 2 Modell for fatigue etter hjerneslag. Oversett frå «Model of Understanding Fatigue After Stroke» Wu et al. (2015)*

Allereie i forkant av eit hjerneslag er det nokre predisponerande faktorar som kan gjere det meir truleg at ein får PSF. Slagpasientar som har vist teikn på fatigue i forkant av eit hjerneslag(14.20.21 i Wu) eller har blitt diagnostisert med depresjon(Acciarresi et al., 2014) i forkant av hjerneslaget, har ein større sjanse for å oppleve PSF. Dette kan tyde på at dersom ein er sårbar for fatigue eller depressive symptom i forkant av eit traume, så er ein óg meir sårbar for PSF eller depresjon post-hjerneslag(Wu et al., 2015). Desse studiene må likevel sjåast med eit kritisk blikk, ettersom dei alle er gjennomført retrospektivt, noko som kan føre til skeivskap i datamaterialet(Blome & Augustin, 2015). Skeivskap som er særleg knytt til retrospektive studier, hukommelseskeivskap, der deltakaren hugsar tilstanden sin frå tidlegare som betre eller verre enn det den var. I tillegg til dette kan det óg forekomme ein effekt av pasienten sin noverande tilstand, der den ser på tilstanden sin før hjerneslaget i kontekst av den tilstanden den er i no. Andre faktorar som disponerer for PSF er ofte óg faktorar som disponerer til hjerneslag, som til dømes pusteforstyrningar i søvn (Khot Sandeep &

Morgenstern Lewis, 2019) og hypertensjon og anna hjarte-kar-sjukdom (Halvor Naess, Lunde, Brogger, & Waje-Andreassen, 2012).

Vidare er det teikn på at lokasjonen til hjerneslaget kan verke inn på PSF, gitt visse forutsetningar, og at patofisiologiske endringar i sentralnervesystem kan leie direkte til PSF(Malley, 2017), spesielt hos pasientar som får PSF tidleg etter hjerneslag (Wu et al., 2015). Ein studie som såg på fatigue hos personar som opplevde hjerneslag med få eller ingen utfall samanlikna med personar som har gjennomgått transitorisk iskemisk attakk (TIA) såg ein signifikant større andel av fatigue i hjerneslagsgruppa. Dette støttar opp under ein teori om at det er ein primær sentral faktor ved PSF, og ikkje berre ein konsekvens av auka fysisk anstrenging (Winward, Sackley, Metha, & Rothwell, 2009). Studiar som viser signifikante assosiasjonar mellom PSF og lesjonsstad er gjerne som har undersøkt for PSF tidleg i forløpet (seinast eit par månader), samt ser på spesifikke områder for slaget (til dømes hjernestammen eller basalgangliane). Større studiar, som har gått over lengre tid, og som gjerne har ein grovare inndeling av lokasjonar, viser ikkje ein signifikant assosiasjon (Wu et al., 2015). Det er ikkje mykje forskning på patofisiologien til PSF, men noko av det som finst indikerar at det kan vere ein nevroendokrin og inflammatorisk komponent men ein norsk studie, der ein undersøkte serumnivåar hos slagpasientar i akuttfasen, såg at hos slagpasientar med PSF vart hormona som leier til serotoninproduksjon teke mindre i bruk av kroppen (nedsett biotilgjengelighet) enn hos slagpasientar utan PSF(Ormstad, Verkerk, Amthor, & Sandvik, 2014), og ein auka immunrespons. Dette støttar opp om tidlegare forsking om at nevroendokrine og inflammatoriske endringar direkte knytt til hjerneslaget kan vere med å påverke PSF.

### **2.3.3. Fysiske faktorar**

Det er også teoretisert at éin av faktorane som påverker PSF er fysisk dekondisjonering etter hjerneslag(Kutlubaev & Mead, 2011). Skadeomfanget av skaden gjer at det er vanskeleg å oppretthalde sedvanleg fysisk aktivitet, der energiforbruket til dagleg forflytning og gange auker signifikant etter hjerneslag, og dette kan igjen føre til at ein beveger seg mindre(Kramer, Johnson, Bernhardt, & Cumming, 2016). Dette leier til ein fysisk dekondisjonering, som igjen kan leie til ein kronisk PSF(Kutlubaev & Mead, 2011). Ein studie som såg på samanhengen av fysisk aktivitet og fatigue diskuterte at dette moglegvis kunne komme av andre faktorar, som t.d. at ein betring i fysisk funksjon førte til ei større tiltru til eigen meistring(Duncan, Kutlubaev, Dennis, Greig, & Mead, 2012). Lågt

aktivitetsnivå i forkant av slaget ser også til å vere ein risikofaktor for PSF, noko som tyder på at dekondisjonering i forkant av hjerneslaget også speler inn (Wang, Wang, Wang, & Chen, 2014)

Samanhengen mellom fysisk dekondisjonering og fatigue finn vi også i andre pasientgrupper med neurologiske eller affektive utfall (Garber & Friedman, 2003). Ein studie som har sett på oksygenopptak hos slagpasientar såg ein samanheng mellom denne og fatigue etter aktivitet, men ikkje mot kronisk fatigue (Tseng, Billinger, J Gajewski, & Kluding, 2010).

### **2.3.3.1. Affektive faktorar**

Hos dei som overlever eit slag, er det mange som opplever affektive plagar, der omlag 29-36% opplever depresjon, medan 20-24% opplever angst ((Burton et al., 2012; Chun, Whiteley, Dennis, Mead, & Carson, 2018; Hackett, Anderson, House, & Halteh, 2008). Dette er ei signifikant større andel enn den eldre befolkninga elles (Stordal et al., 2001). Depresjons- og angstsymptomatikk har store konsekvensar for slagrehabilitering generelt. Vi ser til dømes at depresjon tre månadar etter hjerneslaget gjev større sannsyn for at rehabilitering tek lenger tid, og det er truleg ein resiprok påverknad mellom depresjon og nedsett funksjon etter hjerneslag (Aaron et al., 2016; Hackett et al., 2008). Det er også vist at hjerneslagspasientar med angst i større grad er avhengig av hjelp frå andre, har nedsett livskvalitet og er meir begrensa i sosiale samanhenger enn hjerneslagspasientar utan angst, men med liknande grad av utfall (Chun et al., 2018). Trass dette har affektive faktorar fått lite merksemd, truleg grunna at symptoma samanfell med symptom som reknast som naturlege etter hjerneslag, som konsentrasjonsvanskar, kjensle av bekymring og søvnforstyrningar, og det er difor vanskeleg å seie kva som er kva (Burton et al., 2012).

Når det gjelder samanhengen mellom PSF og affektiv symptomatikk, er det i hovudsak forskar på depresjon og PSF, som har vist at det er ein tydeleg samanheng mellom desse to, og at denne faktoren er tydeleg i kronisk fase enn i subakutt fase (Wu et al., 2015). I tidleg forsking på PSF vart denne vurdert til å vere eit symptom av depresjon, men denne vart separert som eit eige domene etter at det vart vist at mange pasientar også kan oppleve PSF utan nokon grad av andre symptomar på depresjon (Ingles et al., 1999). Når fatigue er eit av kriteriesymptoma for å bli diagnostisert med depresjon, er det mogleg å mistenke at korrelasjonen kommer av overlapping av testapparat, men Wu (med fleire) fann i sin metastudie ein signifikant samanheng mellom depresjon og PSF også når testapparata for depresjon ikkje inkluderte

spørsmål om fatigue(Wu, Barugh, Macleod, & Mead, 2014). Sjølv om fleire av desse studia foreslår ein tydeleg kausal effekt av depresjon på PSF (Wu et al., 2015), veit vi framleis ikkje nok om temporal rekkefølge og resiprokal påverknad til at vi kan seie noko heilt sikkert om årsaksforholdet (H. Naess, Nyland, Thomassen, Aarseth, & Myhr, 2005).

Det er noko mindre forsking på samanhengen mellom PSF og angst, men også her kan ein sjå ein samanheng. Det finst evidens for at angst har ein kausal effekt på PSF i både tidleg og sein fase i rehabilitering(Wu et al., 2015), men at denne effekten kan vere større seinare i forløpet (Radman et al., 2012). I ein studie som såg på grad av fatigue assosiert med angst og depresjon viste ein moderat til sterk samanheng mellom fatigue og generalisert angst, men også helse- og slagspesifikk angst viste moderat samanheng med fatigue (Galligan et al., 2016). Det skal likevel nevnast at effekten for angst blir kraftig redusert når denne blir kontrollert av depresjon, er det mogleg at depresjonssymptomatikk er ein sterkt konfunderande faktor mellom PSF og angst (Wu et al., 2014).

### **2.3.3.2.Psykologiske faktorar**

Det finnест også studiar som har sett på andre psykososiale faktorar enn dei tidlegare nemnte affektive faktorane. Ein studie som såg på predikative faktorar for fatigue såg at dersom ein pasient trur at framgangen deira er knytt meir til eksterne fagpersonar (t.d. kvaliteten på legen) enn at dei sjølv bidreg til eigen framgang så er dette ein uavhengig predikator for PSF eit år i etterkant av slaget(Schepers, Visser-Meily, Ketelaar, & Lindeman, 2006). Denne vert kalla kontrollplassering, på engelsk «locus of control».

Pasienten si tru på eigen meistringsevne («self-efficacy») ser ut til å vere ein predisponerande faktor for PSF. Ein studie såg at låg tiltru til eigen meistring av sjukdommen og av eigen balanse hadde ein samanheng med grad av PSF(K. K. Miller et al., 2013). Ein anna studie som såg på pasientar sin tru på å klare seg ved eit fall, såg at pasientar med låg meistringstru ved fall scora signifikant høgare på PSF enn pasientar med høgare meistringstru, sjølv ved samanliknbar fysisk funksjon elles (Michael, Allen, & Macko, 2006). Saman med pasienten sin kontrollplassering bidreg nedsett tru på eigen meistringsevne til å oppretthalde fatigue etter at denne har oppstått (Wu et al., 2015). Pasientar med låg meistringstru opplever også signifikant større grad av depresjon, medan det er ein positiv assosiasjon mellom grad av meistringstru og grad av mobilitet, balanse, gangfunksjon og trappegangefunksjon (Korpershoek, van der Bijl, & Hafsteinsdottir, 2011).

### **2.3.3.3.Adferdsfaktorar**

Korleis ein handterar å leve med PSF har mykje å seie kor påverka ein blir av det. Ein studie som såg på samanhengen mellom PSF og handtering hos pasientar med subarachnoidalblødningar fann at pasientar som hadde ein passiv handtering av PSF, i større grad opplevde fatigue eit år etter hjerneslaget(Passier et al., 2011). Ved passiv handtering av PSF er det ein grad av hjelpesløshet i møte med problemet der ein ikkje sjølv ikkje klarer å ta ansvar for det, men er avhengig av at andre tek tak i det for ein(Carroll, 2013). Grad av meistringstru påverkar óg i kor stor grad slagpasientar klarer å bruke vellukka meistingsstrategiar (Korpershoek et al., 2011)

### **2.3.3.4.Andre faktorar**

Opp til 78% av hjerneslagspasientar opplever søvnforstyrringar etter hjerneslag(Pasic, Smajlovic, Dostovic, Kojic, & Selmanovic, 2011). Lågare søvnkvalitet hos hjerneslagspasientar er assosiert med høgare grad av fatigue (Lerdal et al., 2011) og depresjon (Suh, Choi-Kwon, & Kim, 2014). Studien av Suh et al., som såg på søvnproblem hos pasientar med depresjon og fatigue, såg at pasientar med depresjon har i større grad problem med å sovne og å sove gjennom heile natta, og pasientar med PSF hadde eit større behov for å sove i løpet av dagen. Behov for søvn på dagtid kan óg kome av subkortikale lesjonar (Suh et al., 2014) Vanlege søvnforstyrringar er endra pustemønster (som søvnapné eller snorking) mild til moderat grad av insomnia (som óg inneber oppvakningar om natta), og endring eller forkortning av døgnrytme (Bassetti, 2005; Khot Sandeep & Morgenstern Lewis, 2019). Søvnforstyrringar er både ein faktor som disponerer for å få hjerneslag, aukar risikoene for faktorar som leier til hjerneslag (som hypertensjon) og er ein predikator for lågare funksjonsnivå i etterkant av eit hjerneslag (Khot Sandeep & Morgenstern Lewis, 2019).

Fleire studiar har sett på at kvinner har større grad av fatigue enn menn (Hinz, Weis, Brahler, & Mehnert, 2018; Junghaenel, Christodoulou, Lai, & Stone, 2011). Både ung alder og høgare alder har vist ein samanheng med grad av fatigue, noko som truleg henger saman med at konsekvensane som fatigue har for aktivitet og deltaking er større dersom man er ung og t.d. framleis er i arbeid (Duncan, Wu, et al., 2012). Smerte viser også ein signifikant samanheng med PSF(Galligan et al., 2016; H. Naess et al., 2005).

## **2.4.Effekt av intensiv, oppgåveretta slagrehabilitering**

I dette underkapittelet presenterer eg først begrepet intensiv oppgåveretta slagrehabilitering, og kva tidlegare litteratur seier om effekten den har på generell funksjon. Vidare går eg gjennom kva effektar denne kan ha på PSF, affektive symptom og søvnforstyrningar hos hjerneslagspasientar.

### **2.4.1. Definisjon av intensiv oppgåveretta slagrehabilitering**

I nasjonale retningslinjer for hjerneslag, anbefalast det at «Pasientar med motoriske problemer bør få intensiv, oppgaverelatert trening som bør starte raskt etter slaget, og all personalet bør bidra i forbindelse med daglige gjøremål kombinert med fysioterapi og ergoterapi.» (Helsedirektoratet, 2017). Intensiv, repetativ og oppgåverelatert trening vert vurdert til å vere den mest effektive tilnærminga for å fremje motorisk bedring etter hjerneslag(Langhorne, Coupar, & Pollock, 2009), men det har vore lite beskrive akkurat kva intensiteten består av. «Intensitet» er ofte kun definert av frekvens og varighet av intervasjonen, og få studiar definerer intensiteten i treningsprotokollen ved hjelp av hjartefrekvens eller subjektiv kjensle av anstrening (Eng & Reime, 2014). Trass anbefalingane om høg intensitet i gangtrening, visar observasjonsstudiar at inneliggande slagpasientar har begrensa grad av skrittrening i løpet av ein dag(Scrivener, Sherrington, & Schurr, 2012), og at pasientane i låg grad kjem over aerobisk terskel i treninga med fysioterapeut (Prajapati, Mansfield, Gage, Brooks, & McIlroy, 2013).

### **2.4.2. Intensiv, variert gangtrening i slagrehabilitering**

I studiar som har sett på intensiv, variert gangtrening har dette vist positive resultat på fysiske parameter, samanlikna med konvensjonell rehabilitering. Gangtrening med høg intensitet har t.d. vist signifikant større betring i gangfunksjon og balanse, samt ei betring av symmetri i gange og styrke i underekstremitetar(Hornby et al., 2019). Der treninga i tillegg har bestått av varierte øvingar, har dette vist ei auke av både balansen i seg sjølv, og meistringstrua knytta til balansen. Desse studia har vorte reproduksjon av moderstudien til denne studien, der pasientgruppa som gjennomførte intensiv, variert gangtrening viste ei signifikant betring i gangfunksjon og balanse, og eit større antall skritt målt både i løpet av ei treningsøkt, men også i aktivitet utanom trening (Moore et al., 2020). Det er fleire mekanismar bak intensiv, variert gangtrening som er med på å forklare kvifor intensitet og variasjon bør tilstrebast i oppgåvespesifikk trening etter hjerneslag.

Ei auke i intensitet, er éin måte å auke dosen av eit tiltak på, og er eit etablert tiltak innanfor trening hos friske. Ei auke av intensitet i gangtrening, der ein anten går raskare eller i lengre periodar av gongen, vil dette naturleg føre til at pasientane tek fleire skritt i løpet av treningsøkta. Hos slagpasientar ser ein at fleire skritt kvar dag gjev ein positiv effekt på gangfunksjon, der dei som har ei høgare antall skritt første veka etter hjerneslag raskare vert sjølvstendig i gangfunksjon, også når det er justert for skade ved baseline (Scrivener et al., 2012). Ved å fremje eit høgare antall skritt per dag, vil ein også kunne forhindre fysisk dekondisjonering assosiert ved inaktivitet (Tudor-Locke et al., 2011).

I tillegg ser det ut til at det ikkje berre er eit høgare antall skritt, men at det å komme opp i intensitet har ei positiv påverknad på hjernen sin plastisitet etter hjerneslag. I den tidlegare nemnte sensitive fasen, er det eit positivt forhold mellom oppgåveretta trening og graden av plastisitet (Zeiler & Krakauer, 2013). Aerobisk trening ser ut til å ytterlegare fremje for plastisitet, der dyreforsøk har vist større grad av hjernederivert nervevekstfaktor, eit protein som ser ut til å bidra til høgare grad av plastisitet i hjernen(Alcantara et al., 2018). Denne positive effekten såg ein både hos friske deltakarar og hjerneslagspasientar som gjorde aerobisk trening, men den var ikkje til stades i like grad i trening av lågare intensitet der pulsen ikkje held seg oppe, som ved styrketrening og trening på lågintensive funksjonsoppgåver (Alcantara et al., 2018).

#### **2.4.3. Trening som intervasjon mot PSF**

Det er berre nokon få studiar som har teke føre seg korleis trening eller fysisk aktivitet påverker PSF, der den første systematiske oversikten over dette kun fann 8 aktuelle studiar(Duncan, Kutlubaev, et al., 2012). Etter 2012 kunne eg heller finne ingen studiar som hadde sett spesifikt på intensiv trening og PSF som primærmål. Éin studie som såg på kognitiv terapi for PSF med og utan gradert trening, såg at gruppa som gjennomførte gradert trening hadde betre effekt på PSF enn kognitiv terapi aleine (Zedlitz, Rietveld, Geurts, & Fasotti, 2012). Ein annan studie såg at det var ein direkte samanheng mellom fatigue og antall steg om dagen, der eit høgre antall steg indikerte lågare grad av fatigue(Duncan et al., 2015). Ein kinesisk studie fann ein samanheng mellom PSF og låg grad fysisk aktivitet i forkant av slaget, og foreslo at jamnleg trening kunne vere nyttig for å forebygge mot både hjerneslag og PSF (Wang et al., 2014)

Hos andre pasientgrupper med fatigueproblematikk, ser trening av moderat intensitet ut til å vere ein forebyggande faktor mot auka fatigue hos kreftpasientar (Courneya et al., 2003; Windsor, Nicol, & Potter, 2004), samt hos unge MS-pasientar (Stephens et al., 2019). På bakgrunn av effekten som fysisk aktivitet ser ut til å ha hos andre pasientgrupper er det difor aktuelt å undersøke om det er ein samanheng mellom fysisk aktivitet/fysisk form og PSF(Duncan et al., 2015).

Når det gjelder trening og affektive symptom etter hjerneslag, er det forska noko meir, spesielt innanfor depresjon. Éin metastudie viste signifikant effekt av trening mot depresjonssymptomatikk i subakutt fase(Eng & Reime, 2014). Den viste òg ein signifikant effekt i kronisk fase, men berre når treninga var av moderat til høg intensitet. Ein anna studie såg at slagpasientar i kronisk fase som klarte å gjennomføre fysisk aktivitet av moderat aktivitet, hadde signifikant lågare risiko for å utvikle moderat depresjon enn dei som ikkje klarte det, og slagpasientar som klarte å gjennomføre fysisk aktivitet av høg intensitet hadde lågare risiko for å utvikle mild depresjon seinare i forløpet (Aaron et al., 2016). Fleire studiar støttar dessutan opp om at trening med høgare intensitet har betre effekt på depresjon hos ei generell eldre befolkning, utan at det er ein konsensus om kva som definerar høg intensitet (Eng & Reime, 2014).

På bakgrunn av studiane nemnt ovenfor, er det difor aktuelt å sjå på korleis primært fatigue, og deretter sekundert affektsymptomatikk og grad av søvnforstyrring, blir påverka dersom pasientar vert introdusert for intensiv, variert gangtrening.

### **3. Metode**

Her vil eg først presentere studiedesign, før eg presenterer utvalet og innsamlinga av data. Vidare presenterast måleinstrumenta brukt i studien, før eg til slutt presenterer utføringa av analysen.

#### **3.1. Studiedesign**

Dataa i denne oppgåva vart henta frå FIRST-Oslo-studien, som vart gjennomført som eit kvasiekperimentelt pre/post-design med kontrollgruppe. Kvasiekperimentelle studiar er studiar der ein ser på korleis ein intervensjon påverkar eit utval utan at deltakarane er randomisert. (Peters, Adam, Alonge, Agyepong, & Tran, 2013).

Dataa til denne studien vart henta inn i to fasar, der ein først henta inn data frå sedvanleg praksis, og så etter at ein ny intervensjon vart implementert som modus operandi. Her vart først kontrollgruppa rekruttert frå pasientar som gjennomførte konvensjonell rehabilitering på institusjon i løpet av eit år. Deretter vart intervensjonen på institusjonen endra til intensiv, variert gangtrening, og intervensjonsgruppa vart rekruttert frå pasientane som gjennomførte denne intervensjonen. Dersom dette studiet hadde vore ein randomisert-kontrollert studie, kunne ein gjennomfört dette ved å til dømes ha intervensjonen på to avdelingar, der pasientar blir tilfeldig tildelt ein plass på avdelinga når dei vert innlagt for hjerneslag(Kabisch, Ruckes, Seibert-Grafe, & Blettner, 2011). Endringane i dei avhengige variablane vart henta inn ved målingar i FIRST-Osloprosjektet ved to ulike tidspunkt etter inklusjon, og dette studiet kan difor kategoriserast som eit prospektivt studie (Bakketeig & Magnus, 2013).

Alle deltakarar inkludert i denne studien vart testa ved oppstart rehabilitering, som herifrå og ut vil bli beskrive som baseline, og ved utskriving frå institusjonen. Behandlingsintervallet har då variert mellom 9-80 dagar.

Her vart det sett på om det var nokon skilnad på endringa av sjølvrapportert fatigue, affektive depresjons- og angstsymptomatikk og søvnproblematikk ved utskriving mellom dei to gruppene, der den eine gjennomførte konvensjonell slagrehabilitering («treatment as usual»; multimodal behandling med mellom anna gange, balanse, styrketrening og rørsleutslagstrening) og den andre har gjennomgått intensiv variert gangtrening, der opp mot 95% av treninga med fysioterapeut har bestått av gangtrening i forskjellige variantar og på forskjellige underlag.

### **3.2.Utval**

Deltakarne i prosjektet vart rekruttert frå pasientar av begge kjønn som vart innlagt med hjerneslag på Forsterket Rehabilitering Aker (FRA) og Oslo Universitetssykehus, avd. Aker. Då denne oppgåva blir skriven i samanheng med FIRST-Oslo-prosjektet, blir det brukt same inklusjons- og eksklusjonskriterier som for FIRST-Oslo, sjå nedanfor. Før inklusjon i prosjektet fekk aktuelle kandidatar utlevert ein skriftleg forespørsel om å delta i forskningsprosjektet, der det mellom anna vart beskrive kva prosjektet innebærer, at samtykke til å delta er frivillig og kan trekkast tilbake når som helst og korleis informasjonen vert lagra. Om pasienten hadde vanskar med å lese skjemaet, kunne personalet som henta inn skjemaet gå gjennom dette saman med pasienten.

#### **3.2.1. Inklusjons- og eksklusjonskriteriar**

Denne studien bruker same inklusjonskriteriar som for prosjektet den er ein del av – for å kunne bli inkludert i studien måtte ein vere over 18 år, ha hatt eit hjerneslag (både infarkt og blødning er inkludert) i løpet av dei seks siste månadane, og skal på grunn av det aktuelle hjerneslaget fått redusert gangfunksjon. Dei må også gje samtykke til å vere med i studien, og måtte vere i stand til å fylle ut PROMIS-skjemaet.

Kriterier som ekskluderte pasientar frå studien var:

- betydeleg komorbiditet (ustabil kardiovaskulær, metabolsk, respiratorisk, infeksiøs eller psykiatrisk tilstand eller malignitet)
- ortopedisk eller nevrologisk tilstand som forhindra gange >50 meter før aktuelle slag (t.d. amputasjon eller fraktur i underekstremitet).
- Sjølvstendig gangfunksjon ute og i trapp utan hjelpemiddel (FAC 5)
- Manglande samtykkekompetanse
- Om ein ikkje var villig til å delta i studien

I tillegg til overnevnte kriteriar, vart ein også ekskludert frå denne studien dersom ein ikkje svarte på nokon delar av PROMIS ved baseline. Dersom ein svarte på ein eller fleire deler av PROMIS ved både baseline og utskriving, vart dei inkludert i studien, men dei måtte ikkje svare på alle domena.

### **3.2.2. Kontrollgruppa, eller «treatment as usual»**

Deltarane i kontrollgruppa vart rekruttert frå 1.2.2017 til 31.10.2017, der dei gjennomgjekk konvensjonell slagrehabilitering hos fysioterapeut. Denne slagrehabiliteringa bestod av ei multimodal behandling som bestod av blant anna gangtrening, balansetrenings, styrketrening og rørsleutslagstrenings. Det vart ikkje satt noko krav til intensitet i form av pulssonar, og pasientane fekk ca. 1 time behandling kvar dag.

### **3.2.3. Intervasjon**

1.1.2018 vart intervensjonen på institusjonane endra til FIRST-intervensjonen, og deltarane til intervensjonsgruppa vart rekruttert frå 1.1.2018 til 31.12.2018, der deltarane fekk ca. 1 time behandling kvar dag. Denne intervensjonen bestod av 95% variert, intensiv gangtrening, der treninga fokuserte på ein eller fleire av følgande delkomponentar assosiert med gangfunksjon: *framdrift* (propulsjon), *vektbæring*, *svingfase* eller *postural stabilitet*.

Oppgåvene vart justert etter funksjonsnivået og problemstillinga til kvar enkelt pasient, og treninga vart delt mellom gange på tredemølle, i trapp eller gange på flatt underlag. Dersom pasienten meistra oppgåva, vart vanskegraden justert opp ved å auke vanskegraden.

Variasjonar her kunne være, men er ikkje avgrensa til: gange framleangs, baklengs og sidelengs, trappegange, gange med motstand, med ankelvekt på affisert side, over hindre eller på ujamnt eller varierande underlag. Dersom pasientane ikkje hadde sjølvstendig gangfunksjon, vart dette kompensert for så lenge det var naudsamt med taksele/tredemølle eller utstyr som LiteGait, ein gangsele med stativ som både kan brukast med tredemølle og på flatt golv. Dersom pasienten ikkje meistra ein øvelse, det vil seie at dei ikkje meistra oppgåva 3-5 gonger på rad, vart vanskegraden redusert for å ikkje avbryte gangtreeninga.

Eit viktig konsept i denne intervensjonen når ein auker vanskegrad, var "error augmentation", eller forsterkning av feil. Her innførar ein element som forsterkar dei funksjonsnedsetjingane som pasienten allereie har. Ved å måtte overkompensere for denne større asymmetriien er målet ei tilpassing som i etterkant fører til større grad av symmetri, ved at nervesystemet forsøker å korrigere asymmetriien (Reisman, Bastian, & Morton, 2010). Eit døme på dette er at ein pasient som har nedsett funksjon i svingfase får ei ankelvekt på det affiserte beinet. Når pasienten byrjar å gå, fører dette til ein enno meir redusert svingfase, men når ankelvekta blir teke av igjen, ser ein at gangmønsteret er meir symmetrisk grunna ein sentralnevrals overkompensasjon.

Det vart også brukt pulsmåler for å sikre at deltarne holdt ein viss intensitet i løpet av treningsøkta (70-85% av estimert makspuls) i tillegg til at pasienten sitt blodtrykk vart monitorert før og etter trening. Dersom ein bytta til ei oppgåve som gjorde at det var vanskelegare for deltarne å halde intensiteten oppe (til dømes gange på flatt underlag samanlikna med på tredemølle), veksle ein mellom oppgåver, slik at intensiteten holdt seg oppe.

### **3.2.4. Testing og innhenting av data**

Etter å ha blitt inkludert i studien, blei alle deltarar testa 2 gonger – ved baseline (3-7 dagar etter ankomst) og ved utskriving av rehabiliteringsopphald. Testapparatet bestod av fleire testar, med både fysiske testar og spørjeskjema. Gangtesten vart utført av personale som arbeidde på rehabiliteringsinstitusjonen, og som var dei same som behandla deltarne. Kortformsskjema for PROMIS Fatigue, Angst, Depresjon, Søvnkvalitet og Smerte vart delt ut som eit spørjeskjema på papir, som pasienten fylte ut sjølv. Om deltarne ikkje var i fysisk stand til å fylle ut skjema (t.d. på grunn av paralytisk arm), kunne terapeuten bistå med utfylling om deltarne kunne munnleg svare på kvart spørsmål, noko som også andre studiar som har sett på PROMIS og hjerneslag har gjort (Katzan, Thompson, & Uchino, 2016). Det var ei større grad av manglande data ved utskriving i kontrollgruppa (22%) enn i intervensjongruppa (16%). I samtale med datainnsamlarar var dette i stor grad grunna tidspress. Då hovudprosjektet hadde ei større fokus på motorisk funksjon, hadde spørjeskjemaet lågare prioritet, og rutina for innhenting av data vart betre implementert i løpet av prosjektet. Preliminære analyser av datamaterialet ved hjelp av SPSS av viser ingen mønster i manglande data, noko som tyder på at det er tilfeldig ( $p=.553$ ).

Bakgrunnsvariablar som kjønn og alder vart henta frå journal. Dei gjennomgjekk også andre fysiske funksjonstestar, som ikkje vil bli rapportert i denne oppgåva.

### **3.2.5. Måleverktøy**

Variablane i denne studien omfattar både sosiodemografiske variablar, og måleinstrument/testar som deltarne svarte på eller utførte. Først vil eg greie ut litt om viktige element ved kvalitetssikring av måleverktøy. Vidare vil eg beskrive kvar test og

skjema brukt i studien, med omsyn til innhald og med omsyn til undersøkingar av reliabiliteten og validiteten til testane.

### **3.2.6. Reliabilitet og validitet**

*Reliabiliteten* til eit måleverktøy indikerer kor fritt det er for målefeil (Pallant, 2016), og dermed kor reproducerebar eller repeterbar den er (A.H. Pripp, 2018). Vanlege aspekt ein kan vurdere når ein ser på reliabilitet er kor godt måleverktøyet korrelerer med seg sjølv når ein testar same utval to gonger (test-retest), når forskjellige testarar bruker måleverktøyet (interraterreliabilitet) når same testaren bruker måleverktøyet (intraraterreliabilitet) eller om alle objekta i måleverktøyet måler den same underliggende attributten (intern konsistens)(Pallant, 2016).

Validiteten til eit måleverktøy seier noko om i kor stor grad det måler det vi ønskjer at det skal gjere, med indre validitet (at resultata er korrekte og gyldige for det studerte utvalet) og ytre validitet (at resultata er gyldige under andre høve og ved andre utval) som viktige aspekt. For å sikre god validitet er det det tre sentrale vurderinga som bør sjåast på: *innhalds-, konstrukt-, og kriterievaliditet*. *Innhaldsvaliditet* seier noko om i kva grad utvalet av spørsmål dekker alle dimensjonar og aspektar av det fenomenet vi ønskjer å måle(A.H. Pripp, 2018). *Konstruktvaliditeten* seier noko om måleverktøyet måler det det skal måle. Dette kan testast ved å samanlikne det med andre måleverktøy som burde ha samanheng på dei same punktene (konvergent validitet) eller med andre måleverktøy som er urelaterte (diskriminerande validitet). Til slutt seier *kriterievaliditeten* noko om kor godt målinga korrelerer med eller predikrar ein anna valid eller observerbar variabel. Her kan ein enten sjå dette i samanheng med ein «gullstandard»(der ein samanliknar måleverktøyet med eit anna, betre etablert måleverktøy) eller ein kriterievariabel (til dømes at depresjonspasientar som svarer på eit skjema om depresjon angir mindre symptomar når dei byrjer på antidepressiva). Andre begrep som kan vere nyttige for å vurdere er *økologisk validitet*, ei undergruppe av ekstern validitet som beskriv kor godt studien kan bli generalisert til røyndomsnære situasjonar(Gouvier, Musso, & Barker, 2014). Dette kan både omfatte i kva grad testresultat korrelerer med funksjonen i «det verkelege liv» og i kva grad ein testsituasjon er røyndomsnær (t.d. vil ein praktisk, observert eksamen i fysioterapi ha ein betre økologisk kvalitet enn om kandidaten skriv ei oppgåve om korleis den ville løyst den same oppgåva).

### **3.2.7. Tak- og golveffekt**

Ein tak- eller golveffekt vil seie at eit stort antal deltakarar oppnår målemetoden sin maksimum- eller minimumsscore (A. H. Pripp, 2019). Golv- eller takeffekt er vurdert til å vere tilstades når meir enn 15% av deltakarane oppnår ein ytterpunktsscore, anten høg eller låg(Terwee et al., 2007). Dersom ein slik effekt er til stades, er det truleg at ekstremverdiar manglar frå ein ende av skalaen, noko som reduserar måleverktøyet sin innhaldsvaliditet. Som ein konsekvens av dette kan heller ikkje dei som scorar likt skiljast frå kvarandre, noko som reduserar reliabiliteten til studiet. Til slutt vil ein tak eller golvverdi redusere responsiviteten til måleverktøyet fordi endring ikkje kan målast forbi verktøyet sitt ytterpunkt.

### **3.2.8. PROMIS kortformsskjema**

Her vil eg først greie ut om kva PROMIS er, og deretter presentere dei forskjellige PROMIS-kortformsskjemaa bruk i denne oppgåva.

Det finst hundrevis av pasientrapporteringsskjema (Patient Rapported Outcome Measures = PROMs) der brukarar sjølv tallfestar helsetilstand eller symptom(Cella et al., 2019). Mange av desse er lite tilgjengelege grunna lisensiering, kan ikkje brukast dersom pasienten ikkje svarar på alle spørsmål, og har resultat som kan vere vanskelege å tolke og setje i samanheng med andre skjema for andre symptom. I eit forsøk på å standardisere måleverktøya og setje desse i eit felles rammeverk, utvikla forskarane som arbeidde med Patient Reported Outcomes Measurement Information System (PROMIS), ei fleirstegstilnærming med blanda metodar for å utvikle «computerized adaptive tests»(CATs), beståande av store spørsmålsbankar, og ferdige kortformsskjema basert på dette. Desse verktøya kartlegg helserelatert livskvalitet, inkludert symptom- og funksjonsdomene, innanfor fysisk, mental og sosial helse(Cella et al., 2010), både for den generelle populasjon og hos ei rekke kroniske lidingar. Kortformsskjemaa består både av større skjema som gjev eit inntrykk av generell helse, men også kortare skjema på 4-8 spørsmål innanfor spesifikke domene, som fatigue, fysisk funksjon eller sovnproblematikk. Desse kortformsskjemaa er lette å administrere, er enkelt og gratis tilgjengeleg på internett, og tek kort tid å gjennomføre(Cella et al., 2019). Ved at dei korrollerar godt med andre verktøy som måler same domene, men ofte har færre spørsmål, reduserer dei også byrden som leggast på pasienten når den skal fylle ut eit skjema(Senders, Hanes, Bourdette, Whitham, & Shinto, 2014). I CAT-verktøy svarar du på i hovudsak 3-5 spørsmål, der svaret på det foregående spørsmålet avgjer kva det neste spørsmålet i

undersøkinga blir, og ein får då eit meir presist svar med færre antall spørsmål. Då dei fulle spørsmålsbankane ikkje er omsette til norsk, er det enno ikkje mogleg å gjennomføre CAT-testar, men fleire kortformsskjema har vorte omsett av Regional kompetanseneste for rehabilitering.

PROMIS bygger i stor grad på sjølvrapporteringsverktøy som er godt validerte for bruk i diagnostisering, som er ikkje eit diagnostisk verktøy for å stille ein klinisk diagnose, men eit screeningverktøy for aktuelle subjektive symptom. Dette blir spesielt viktig å poengtere for skjemaet PROMIS Angst og PROMIS Depresjon, som har namn frå kliniske diagnosar med gitte kliniske kriterier. Kortformskjemaet innhold altså ikkje alle primær- og sekundærkriterier naudvendige for å stille ein klinisk diagnose, men fokuserer på det subjektive symptombiletet ved kvart domene(Schalet et al., 2016).

I denne studien vart det brukt fire kortformskjema, der to av dei i hovudsak er assosiert med fysisk helse (PROMIS Fatigue og PROMIS Søvnforstyrringar) og to assosiert med mental helse (PROMIS Depresjon og PROMIS Angst). Alle skjema i denne undersøkinga vart bygd opp på same måte, med 8 spørsmål som famnar eit stort utval av sjølvrapporterte symptom. Desse skjema er ikkje knytt til diagnose, og tek føre seg opplevd grad av symptomatikk erfart og opplevd dei siste sju dagane(PROMIS, 2019). Desse spørsmåla tek både for seg korleis symptomet opplevast («[i løpet av de siste 7 dagene] hvor nedkjørt følte du deg mesteparten av tiden?») eller korleis dette hadde innverknad på kvardagen («Hvor ofte hadde du problemer med å fullføre ting på grunn av utmattelse?»). Kvart spørsmål er formulert som ein har 5 forskjellige alternativ med alternativ 1-5, der alternativ 1 angir låg grad av symptomatikk, og alternativ 5 angir høgare grad av symptomatikk, anten på frekvens eller alvorsgrad. Spørsmåla kan anten være forma som reine spørsmål («Hvor utmattet var du mesteparten av tiden?»), påstandar («Jeg føler meg utmattet») eller setningar som skal fullførast («Søvnkvaliteten min var \_\_\_\_\_», med alternativa «svært dårlig/dårlig/noenlunde/god/svært god»). For vidare detaljar om korleis spørjeskjemaet er bygga opp, kan ein sjå dette som vedlegg XX til oppgåva.

Råscorar for kvar enkelt spørsmål vert deretter loggført, og deretter kjørt gjennom analyseverktøyet Assessment Center (Northwestern University: Department of Medical Social Sciences, n.d.). Dette er eit verktøy som analyserer svaret på kvart spørsmål, og så reknar ut ein intervall-standardisert T-verdi på bakgrunn av dette(Health Measures Fatigue Scoring). I klinisk praksis kan desse T-verdiane enkelt hentast ut av tabellar i verktøymanualen. Denne t-

verdien er kalibrert på ein stort utval av den generelle populasjonen i USA, der snittet ligg på 50, der éitt standardavvik er satt til 10. Dersom nokon då har ein T-verdi på 40, ligg dei eit standardavvik under snittet av den generelle populasjonen. Dette har ikkje blitt jamført med europeiske populasjonar, men ei nederlandsk undersøking viste at oversetjinga av PROMIS hadde minimale avvik frå amerikanske normar(Crins et al., 2019). Fram til slike normdata finst for Europa og Norge, vil det då kunne vere mogleg å bruke desse normdataa.

Ein høgare score tilseier ein større grad av symptomatikk, der terskelverdiar for alvorsgrad for den generelle befolkninga er delt inn i mild grad (T-score på 55-60), moderat grad (60-70) og alvorleg grad (>70). Ein T-score på under 55 vert rekna for å vere innanfor normale verdiar på befolkningsnivå (Cella et al., 2014). Det finst òg diagnosespesifikke terskelverdiar for kreft, som skil seg noko frå dei generelle terskelverdiane, der terskelverdien for mild grad av fatigue ligg på 50-59. For søvnforstyrningar vert alle desse terskelverdiane forskyve mot venstre, der mild grad av søvnforstyrningar vert avgrensa ved ein T-score på 45-55, moderat grad frå 55-60, og T-score >70 for alvorleg grad av søvnforstyrningar. Då desse verdiane var spesifikke for kreftpasientar, valgte eg å bruke dei generelle terskelverdiane. Fleire studiar har sett på minste betydningsfulle endring i kortformsskjema, der en så langt har komen fram til 3.0-5.0 scorepoeng i PROMIS Fatigue (Yost, Eton, Garcia, & Cella, 2011), 3.0-4.5 scorepoeng i PROMIS Depresjon (Yost et al., 2011), 3.0-4.5 for PROMIS Angst og 3.5 for PROMIS Søvn (Purvis, Neuman, Riley, & Skolasky, 2018).

### **3.2.8.1.PROMIS Fatigue**

Fatigue blei målt ved hjelp av kortformsskjemaet PROMIS Fatigue/utmatting. Dette er 8 spørsmål som famnar eit stort utval av sjølv-rapporterte symptom, frå mild subjektiv kjensle av å vere sliten, til ei overveldande og vedvarande kjensle av utmatting. I dette kortformsskjemaet er fatigue konseptuelt delt inn i to deler: opplevinga av fatigue (som mellom anna beskriver intensitet og frekvens) og korleis fatigue påverkar aktivitetar (Cella et al., 2010)

PROMIS sine fatiguespørsmål har vist god innholdsvaliditet på fatiguesymptom, det vil seie at det gjev eit godt bilet på kor godt den rapporterer på tvers av fleire pasientgrupper, og viser godt respons til endring (Cook et al., 2016). Den har også vist ein akseptabel intraraterreliabilitet, sjølv om det er ein trend mot eit positivt bias (Gibbons et al., 2017).

PROMIS Fatigue viser ein god test-retest reliabilitet, konvergent validitet og responsivitet for endring for hjerneslagspasientar (Katzan Irene & Lapin, 2018) , viser betre intern validitet hos sarkoidosepasientar enn Fatigue Assessment Scale (FAS) (Kalkanis, Yucel, & Judson, 2013), og korrollerer godt med andre mykje brukte verktøy for å kartlegge fatigue, som FACIT-F og SF-36 (Lai et al., 2011). Apparatet visar òg ein god økologisk validitet på tvers av pasientgrupper, der kvalitative tilbakemeldingar og endringar i pasientforløp reflekterast i apparatscore (Stone, Broderick, Junghaenel, Schneider, & Schwartz, 2016). Korkje reliabilitet eller validitet har blitt kartlagt for den norske oversetjinga.

### **3.2.8.2.PROMIS for angst, depresjon og søvnforstyrningar**

Sekundærvariablane vart målt ved hjelp av kortformsskjema PROMIS-8a Depresjon, PROMIS-8a Angst og PROMIS-8a Søvnforstyrningar. Spørsmåla for depresjons- og angstsymptomatikk er i hovudsak knytt til affekt(Pilkonis et al., 2011), med spørsmål som «I løpet av de siste 7 dagene følte jeg meg urolig», der ein kan gradere svare til aldri/sjeldent/noen ganger/ofte/alltid. Angst har i tillegg to spørsmål som tek føre seg interferensen til angst, med påstandar som «[I løpet av de siste 7 dagene] var det vanskelig å fokusere på annet enn min angst». Søvnproblematikk tek føre seg kvaliteten på søvnen (eller mangelen på sådan), og affekt knytt til denne, med påstandar som ««[I løpet av de siste 7 dagene] Jeg bekymret meg for å å ikke sogne».

Desse PROMIS-skjema har vist ein utmerka intern konsistens og og test-retest-reliabilitet hos andre pasientgrupper (Bartlett et al., 2015; Marrie et al., 2018; Schalet et al., 2016) og hos den generelle populasjonen(Pilkonis et al., 2011) og korrelerer godt med andre testprotokollar som testar affektsymptomatikk(Cella et al., 2014; Levin et al., 2015; Schalet, Cook, Choi, & Cella, 2014). Spørsmåla har òg vist å vere responsive for endringar i situasjonar der endring er forventa (Schalet et al., 2016). PROMIS Søvnforstyrningar har òg vist betre målepresisjon enn andre, lengre måleapparat som Pittsburgh Sleep Quality Index (PSQI) og Epworth Sleepiness Scale (ESS), noko som gjer det til eit fordelaktig måleverktøy både i ein klinisk setting og i ein forskningssetting (Yu et al., 2011). Korkje reliabilitet eller validitet har blitt kartlagt for den norske oversetjinga, og den er heller ikkje blitt testa på populasjonar som har gjennomgått hjerneslag.

### **3.3.Dataprogram og bakgrunnsvariablar**

SPSS 25.0 vart brukt til den statistiske analysen i denne oppgåva. Bakgrunnsvariablar var både kategorisk dikotome (kjønn) og kontinuerlege data (alder, PROMIS fatigue, depresjon, søvn og angst ved oppstart). For deskriptive dikotome data vart det brukt krysstabellar med Chi-kvadratttest. Alle kontinuerlege variablar vart kontrollert for normalitet ved undersøking av histogram og stem-and-leaf-figurar. For deskriptive kontinuerlege data vart Mann-Whitney-U brukt for å undersøke signifikante skilnadar mellom gruppene.

### **3.4.Vurdering av manglande data**

Manglande data på nokon av skjema blei handtert på bakgrunn av anbefalingar frå Pallant (2016) og Tabachnick og Fidell (2014). Pallant (2016) anbefaler parvis ekskludering av data, som kun ekskluderar deltagarar dersom dei manglar dataa som trengs for den aktuelle analysen. Då forskjellige domene vart undersøkt i denne oppgåva, vart parvis ekskludering valgt som standard gjennom heile analysen, for å få inkludert alle aktuelle deltagarar.

### **3.5.Statistisk analyse**

For hovedeffektmål vart den uavhengige variabelen gruppetilhøyre, der kva gruppe deltagarane var i (intervensjonsgruppe og kontrollgruppe). Avhengig variabel for hovedeffektmålet var var endring i PROMIS Fatigue, medan avhengige variablar for sekundæreffektmålet var PROMIS Depresjon, PROMIS Angst og PROMIS Søvn.

Bakgrunnsvariablar var alder, kjønn, tid frå skadedebut til oppstart rehabilitering, lengde på opphaldet, rehabiliteringsstad, om deltagaren hadde fått blødning eller infarkt (type hjerneslag)

Om det skal kunne seiast noko sikkert om det er ei statistiske signifikant endring mellom gruppene i ei kvasieksperimentell setting, er det viktig òg å undersøke kor forskjellige gruppene er frå kvarandre ved oppstart. Først vart difor bakgrunnsvariablar og score ved baseline i kvar av gruppene vurdert og samanlikna, for å sjå om det var ein signifikant skilnad mellom dei. Dei kontinuerlege bakgrunnsvariablane, samt testscorar ved oppstart, vart undersøkt med Mann Whitney-U-test, og dei dikotomiske variablane vart undersøkt med Chi-kvadratttest.

Vidare vart materialet kartlagt for ekstremverdiar, såkalla «outliers». Dette er verdiar som kan forskyve materialet stort, og kan vurderast å utelukkast frå materialet(Tabachnick & Fidell,

2014). Så vart endringa for kvart domene samanlikna mellom gruppene, og vurdert for normalitet ved hjelp av visuelle framstillingar og statistiske testar for normalitet. Dersom desse var oppfylte forutsetjingane for normalitet, skulle materialet vurderast ved hjelp av to-utvals t-test, og dersom dei ikkje gjorde det, skulle materialet vurderast ved hjelp av Mann-Whitney-U-testar. Skilnaden mellom to-utvals t-test og Mann-Whitney-U er at førstnemnte er ein parametrisk test, som samanliknar dei observerte verdiane i begge grupper og undersøker om skilnaden mellom dei er statistisk signifikant(Skovlund, 2017). Dette krever som tidlegare nemnt oppfylte forutsetjingar for normalitet, og om desse ikkje oppfyller krava, må ei bruke ikkje-parametriske metodar, som ved Mann-Whitney-U. Her nyttar ein i staden ordningsrekkefølga til observasjonane og gjev dei rangtall, og det er ikkje lenger eit krav om formen på fordelinga til datamaterialet(Bjørndal & Hofoss, 2017). Då ein ikkje lenger måler den faktiske skilnaden i materialet, kan ein med ikkje-parametriske testar undersøke om det er ein skilnad mellom to grupper, men ein kan ikkje lenger seie noko om kor stor den er. Det vart også undersøkt om endringa innad i kvar gruppe, samt endringa for gruppa som heilskap, var statistisk signifikant, dette vart gjort ved Wilcoxon Rank Test.

Ved baselineundersøkingar vart det tydeleg at ein stor andel av utvalet som hadde lågast mogleg poengscore allereie ved ved baseline, og det var ein liten skilnad mellom gruppene, sjølv om denne ikkje var signifikant. Når ein undersøker skilnad i endring mellom to metodar, som ved Mann-Whitney-U, tek ikkje metoden beskrive over høgde for skilnadar mellom grupper ved baseline (Vickers & Altman, 2001). Ved dette blir det ein ubalanse i materialet på grunn av det som på engelsk kallast «regression to the mean»(RTM). Dette går ut på at dersom nokon ved baseline rapporterer ekstremverdiar, vil desse verdiane tendere til å nærme seg gjennomsnittet. På bakgrunn av dette vart det difor ønskjeleg å kontrollere for baselineverdiar innanfor kvart domene. Dette vart gjennomført ved hjelp av multiple lineær regresjonar, der endringa av kvart domene vart satt som avhengig variabel, og baselineverdien og intervension satt som uavhengige variablar. Ved å gjere dette, vart det undersøkt om intervensionen i seg sjølv gjev eit unikt, statistisk signifikant bidrag i endringa innanfor kvart domene når ein kontrollerer for baselineverdiar. Her vart datamaterialet igjen vurdert for normalitet, og ekstremverdiar vart vurdert for om dei kunne vere målefeil, om dei var representative for utvalet, og om dei påverka materialet i særstak grad. For å justere for ekstremverdiar kunne ein valgt å transformere variabelen(Tabachnick & Fidell, 2014), men dette vart forkasta då det ville gjort dataa svært vanskeleg å tolke i etterkant, og ekstreme ekstremverdiar vart difor utelukka dersom dei påverka normalfordelinga i stor grad.

### **3.6.Etiske aspekt**

FIRST-prosjektet er godkjent av Regional komité for medisinsk og helsefagleg forskningsetikk (REK), og det vart i ei seinare endringsmelding lagt til at data kunne brukast i studentoppgåvar på bachelor- og mastergradsnivå. Deltakarane som oppfylte inklusjonskriteriane måtte kunne samtykke for å verte inkluderte i forskningsprosjektet. Skjema for samtykke er lagt ved oppgåva som vedlegg 1.


Underteikna hadde berre tilgang til ferdig vaska datamateriale, med kun avidentifiserte ID-nummer som pasientmarkør. Kodenøkkel som kopla deltagarar med ID-nummer var innelåst og utilgjengeleg for underteikna.

## 4. RESULTAT

I dette kapittelet vil eg først beskrive gruppene både i antal og i deskriptive data ved baseline. Vidare vil eg beskrive endringa i fatigue, depresjon, angst og søvn som dei to gruppene har samanlikna med kvarandre, samt endringa innad i kvar gruppe og på utvalet som heilskap.

I moderstudien vart 350 pasientar med hjerneslag innlagt på ein av dei aktuelle rehabiliteringsstadane (150 i den konvensjonelle gruppa og 200 i intervensionsgruppa). Av desse fylte 111 deltagarar ut skjemaa inkludert i denne studien. Desse vart fordelt i ei intervensionsgruppe (n=55) og kontrollgruppe (n=56). 10 deltagarar som ikkje fylte ut spørjeskjemaet ved baseline vart ekskludert (n=10, IG=51/KG=50). Oversikten over rekruttering og eksklusjon kan sjåast i figur 1.

*Figur 3: Flytskjema over inklusjon av deltagarar*



### 4.1. Deskriptive data ved baseline

Deskriptiv analyse viste ingen signifikante skilnadar mellom gruppene på nokon av bakgrunnsvariablane, bortsett frå lengda på behandlingsoppfølget, som var statistisk signifikant lengre hos intervensionsgruppa samanlikna med kontorgruppa, som vist i tabell 4.2. Medianalderen for utvalet som heilskap var 74 år, der intervensionsgruppa hadde ein

medianalder på 73 og kontrollgruppa ein medianalder på 76. Det var ein noko større andel av kvinner i kontrollgruppa (50%) enn i intervensionsgruppa (37.5%), men denne skilnaden var ikkje signifikant ( $p=.231$ ). Andelen som hadde gjennomgått hjerneinfarkt låg på om lag 74% i begge grupper, og andelen med hjerneblødning låg på 25.5% i intervensionsgruppa og 24% i kontrollgruppa. Éin deltakar i kontrollgruppa hadde både infarkt og blødning. Gruppene skilte seg frå kvarandre signifikant på lengde på behandlingsopphald, der intervensionsgruppa hadde ei medianlengde på 34 dagar, og kontrollgruppa 22 dagar. Intervensionsgruppa hadde òg ei signifikant større andel av deltakarar som var innlagt på både OUS Aker og FRA.

Det vart òg undersøkt for baselineverdiar innanfor dei variablane ein skulle sjå endringen av, og her vart det ikkje funne nokon statistisk signifikant skilnad mellom gruppene. Då det Av gruppa som heilskap scora 22% over grenseverdiar for mild eller moderat fatigue, 25.7% scora over grenseverdiar for mild, moderat eller alvorleg depresjonsproblematikk, 28.7% scora over grenseverdiar for mild eller moderat angstproblematikk og 42.5% scora over grenseverdiar for mild, moderat eller alvorleg søvnproblematikk.

Ved baseline vart det òg undersøkt kor mange deltakarar som rapporterte lågast moglege score. I utvalet som heilskap svarte 32 deltakarar lågast mogleg score på PROMIS Depresjon (T-score: 38.2), 30 deltakar hadde lågast mogleg score på PROMIS Angst (T-score 37.1), 20 hadde lågast mogleg score på PROMIS Fatigue (T-score: 33.1) og 3 hadde lågast mogleg score på PROMIS Søvnforstyrningar (T-score: 30.5).

Tabell 1: Bakgrunnsvariabler og score på skjema ved innkomst

Variabel	Intervensjonsgruppe (n=51)	Kontrollgruppe (n=50)	Heile utvalet (n=101)
Alder (min/maks)	73 (46-91)	76 (39-93)	74 (46-93)
Kjønn (kvinner), n (%)	19 (37.5)	25 (50)	44(43.5)
Tid fra skadedebut til oppstart rehabilitering, antall dagar (min/maks)	10(1-52)	12 (5-54)	11 (1-54)
Lengde behandlingsopphold (min/maks)	34 (11-80)*	22 (9-62)*	28 (9-80)
Type hjerneslag, n (%)			
infarkt	38 (74.5)	37 (74)	75 (74.2)
blødning	13 (25.5)	12 (24)	25 (24.7)
begge	0 (0)	1 (2)	1 (0.9)
Rehabiliteringsstad, n (%)			
OUS Aker	19 (37.3)*	30 (60)*	49 (48.5)
FRA	11 (21.6)*	16 (32)*	27 (26.7)
OUS Aker og FRA	21 (41.2)*	4 (8)*	25 (24.7)
6 Minute Walk Test (min/maks)	256 (0-487)	241.5 (0-495)	243 (0-495)
PROMIS Fatigue ved oppstart (min/maks)	47.1(33.1-65.3)	47.0 (33.1-69.7)†	47 (33.1-69.7)†
Normalspekte, n (%)	41 (80.4)	37 (77.5)	78 (78.8)
Mild grad, n (%)	4(7.8)	6 (12.2)	10 (10.1)
Moderat grad, n (%)	6 (11.8)	5 (10.2)	11 (11.9)
Alvorleg grad, n (%)	0(0)	0(0)	0(0)
PROMIS Depresjon ved oppstart (min/maks)	49.2(38.2-72.6)	45.6 (38.2-65.3)	47.3 (38.2-72.6)
Normalspekte, n (%)	36 (72)	38 (76.0)	74 (73.2)
Mild grad, n (%)	11 (21.6)	6 (12.0)	17 (16.8)
Moderat grad, n (%)	3 (5.9)	5 (10.0)	8 (7.9)
Alvorleg grad, n (%)	1 (2.0)	0 (0)	1 (0.9)
PROMIS Angst ved oppstart (min/maks)	51.0 (37.1-68.9)	49.6(37.1-69.9)†	50.6(37.1-69.9)†
Normalspekte, n (%)	35(68.6)	27 (54.0)	71(70.3)
Mild grad, n (%)	8 (15.7)	4 (8.0)	12 (11.9)
Moderat grad, n (%)	8 (15.7)	9 (18.0)	17 (16.8)
Alvorleg grad, n (%)	0 (0)	0 (0)	0(0)
PROMIS Søvn ved oppstart (min/maks)	52.9 (30.5-72.3)	53.7(30.5-70 .6)†	53.6 (30.5-72.3)†
Normalspekte, n (%)	28 (54.9)	28 (56.0)	54 (53.5)
Mild grad, n (%)	11 (21.6)	9 (18.0)	20 (19.8)
Moderat grad, n (%)	10 (19.6)	10 (20)	20 (19.8)
Alvorleg grad, n (%)	2 (3.9)	1 (2)	3 (2.9)

*Kontinuerlege variablar vist med median (min/maks), kategoriske variablar vist med antall og prosent.*

*\*: $p>0.05$ , †: manglande data for 1 deltakar, ‡: manglande data for 2 deltakarar*

#### **4.2.Resultat frå utvalet som heilskap og skilnad mellom gruppene**

Etter at manglande verdiar vart undersøkt for om dei var tilfeldige, vart kvart av områda undersøkt for normalitet basert på histogram og statistiske testar for normalitet. Då det var eit noko begrensa utval og større og mindre grad av tvil til forutsetjinga om normalitet, vart skilnaden i dei forskjellige variablane mellom gruppene samanlikna ikkje-parametrisk ved hjelp av Mann-Whitney-U-test. Den statistiske signifikante endringa frå baseline til utskriving vart undersøkt ved hjelp av Wilcoxon Rangtest.

Då det var mange som rapporterte minste moglege score på testen, var det ønskjeleg å justere for baselineverdien, som vart gjennomført ved multippel lineær regresjon. Først vart det undersøkt ved histogram om residualane var normalfordelte, og om det var nokon ekstremverdiar som påverka desse i stor grad. Det var i denne studien to deltakar som i stor grad forskauv materialet, der éin deltakar hadde svært store endringar over PROMIS Fatigue, Depresjon og Angst, medan den andre hadde svært store endringar i PROMIS Søvn, og desse hadde . Då desse framstod som ekstreme tilfeller, der dei som enkeltdeltakarar i svært stor grad påverka grad av normalitet i materialet, vart desse utelukka frå den endelege regresjonen.

Resultata frå den multiple lineære regresjonen vert presentert i tabell 4.2, representert som p-verdi i kolonna heilt til høgre i tabellen.

Tabell 2: Endring i PROMIS-score frå baseline til utskriving,

→Utmålstype	Baseline		Utskriving		Median av endring frå baseline til utskriving				Signifikans for intervensjonen som unikt bidrag, justert for baselineverdiar (p-verdi)
	IG (n)	KG (n)	IG (n)	KG (n)	Gruppa totalt (n)	IG	KG	Skilnad mellan gruppene (p-verdi)	
PROMIS Fatigue	(n=51)	(n=48)	(n=44)	(n=40)	(n=83)	(n=43)	(n=39)		
	47.0	47.1	43.2	45.0	-1.9*	-2.7*	-0.7	0.487	0.267
	(41.1, 51.7)	(38.7, 52.1)	(33.1, 50.4)	(38.5, 49.3)	(-6.3, 1.2)	(-9.5, 1.8)	(-6.6, 2.6)		
PROMIS Depression	(n=51)	(n=49)	(n=44)	(n=42)	(n=83)	(n=43)	(n=39)		
	49.2	45.6	45.1	45.5	0.00*	-0.9*	0.0	0.190	0.09
	(38.2, 55.7)	(38.2, 53.8)	(38.2, 51.7)	(38.2, 54.4)	(-7.2, 0.00)	(-10.2, 0.00)	(-3.9, 0.9)		
PROMIS Angst	(n=51)	(n=50)	(n=43)	(n=42)	(n=85)	(n=43)	(n=39)		
	51.0	49.7	41.6	46.7	0.00*	0.0*	0.0	0.307	0.052
	(37.1, 56.4)	(37.1, 57.3)	(37.1, 52.9)	(37.1, 54.7)	(-6.3, 1.2)	(-6.5, 0.00)	(-6.3, 1.4)		
PROMIS Søvn	(n=51)	(n=48)	(n=43)	(n=42)	(n=85)	(n=43)	(n=39)		
	52.9	53.7	48.6	52.8	-3.3*	-4.4*	-2.0*	0.156	0.048*
	(46.1, 58.8)	(43.4, 58.7)	(42.2, 54.1)	(44.3, 54.4)	(-7.8, 1.0)	(-9.8, 0.00)	(-7.3, 2.4)		


Forkortinger:  $\Delta$ =Endring i, IG = Intervensjonsgruppe, KG=kontrollgruppe, \*= $p<0.05$

Sentraltendens målt i median, spreiing vist ved 25/75-persentiler

#### 4.2.1. PROMIS Fatigue

Gruppa som heilskap viste ein statistisk signifikant endring i PROMIS Fatigue frå baseline til utskriving ( $p=0.008$ ), men berre intervensionsgruppa viste ein statistisk signifikant endring når desse vart undersøkt kvar for seg. Det var ikkje ein signifikant skilnad mellom dei to gruppene ( $p=0.487$ ) i dei primære analysene, og heller ikkje når det vart justert for baselineverdiar ( $p=0.267$ ). Intervensjonsgruppa hadde ein median nedgong på 2.35 poeng, der

25/75-persentilane strakk seg frå -9.5 til 1.8. Kontrollgruppa hadde ein nedgong på 0.7 poeng, der 25/75-persentilane strakk seg frå -6.6 til 2.6.




Figur 4: Endring i PROMIS Fatigue etter gruppelihøyre

#### 4.2.2. PROMIS Depresjon

Gruppa som heilskap viste ein statistisk signifikant endring i PROMIS Depresjon frå baseline til utskriving ( $p=.003$ ), men berre intervensionsgruppa viste ein statistisk signifikant endring når gruppene vart undersøkt kvar for seg. Det var ein skilnad mellom dei to gruppene, men denne var ikkje signifikant ( $p=.19$ ). Skilnaden vart større når det vart kontrollert for baselineverdiar, men denne var enno ikkje signifikant ( $p= .093$ ). Intervensionsgruppa hadde ein mediannedgong på 1.1 poeng, der 25/75-persentilane strakk seg frå -10.2 til 0.0.


Kontrollgruppa hadde ikkje ei endring i median (0.0), og 25/75-persentilane strakk seg frå (-3.5 til 0.0).



Figur 5: Endring av PROMIS Depresjon etter gruppelihøyre

#### 4.2.3. PROMIS Angst


Gruppa som heilskap viste ein statistisk signifikant endring i PROMIS Angst frå baseline til utskriving ( $p=.003$ ), men berre intervensionsgruppa viste ein statistisk signifikant endring når gruppene vart undersøkt kvar for seg. Det var ikkje ein signifikant skilnad mellom dei to gruppene ( $p=0.157$ ). Dette gjaldt òg når det vart justert for baselineverdiar ( $p= .052$ ). Intervensionsgruppa hadde ein mediannedgong på 3.95 poeng, der 25/75-percentilane strakk seg frå -6.5 til 0.0. Kontrollgruppa hadde ikkje ei endring i median (0.0), og med 25/75-percentilar som strakk seg frå -7.3 til 2.4.



Figur 6: Endring i PROMIS Angst fordelt etter gruppetilhøyre

#### 4.2.4. PROMIS Søvn

Dette domenet var det einaste utfallsmålet der begge gruppene hadde ei statistisk signifikant endring av medianscore, i tillegg til ei statistisk signifikant endring av utvalet som heilskap ( $p=<.001$ ). Det var ikkje ein signifikant skilnad mellom dei to gruppene i primære analyser ( $p=.246$ ), men dersom det vart justert for baselineverdiar, vart denne skilnaden signifikant ( $p=.043$ ). Intervensionsgruppa hadde ein mediannedgong på 0.1 poeng, der 25/75-percentilane strakk seg frå -9.8 til 0.0. Kontrollgruppa hadde ein nedgong på 0.2 poeng, og med 25/75-percentilar som strakk seg frå 5.8 til 2.6s.



Figur 7: Endring i PROMIS Søvn fordelt etter gruppertilhøyre

#### 4.3.Oppsummering

Utvælet som heilskap hadde ein liten, men signifikant betring innanfor samtlege av utfallsmåla. Intervenjonsgruppa hadde ein liten statistisk signifikant endring innanfor samtlege utfallsmål, medan kontrollgruppa berre hadde ein signifikant endring innanfor PROMIS Søvn.

Det var ingen signifikant skilnad i endring av score mellom gruppene i PROMIS Fatigue, også når det vart justert for baselineverdiar ( $p=.267$ ) Det er difor ikkje mogleg å forkaste nullhypotesen om at det ikkje var ein signifikant skilnad i subjektiv fatigue mellom gruppene.

Det var heller ingen signifikante skilnadar mellom gruppene PROMIS Angst, PROMIS Søvn eller PROMIS Depresjon. Når det vart kontrollert for baselineverdiar var det ein signifikant skilnad mellom dei to gruppene innanfor PROMIS Søvn ( $p=.043$ ). Ved kontroll av baselineverdiar vart det ein tydelegare skilnad mellom gruppene på affektive symptom, men dette var ikkje signifikant skilnad mellom gruppene korkje for PROMIS Depresjon ( $p=.093$ ) eller PROMIS Angst ( $p=.052$ ). Vi kan difor forkaste hypotesen om at det ikkje var ein signifikant skilnad i grad av søvnforstyrringar, men ikkje hypotesane om at det var ein signifikant skilnad i affektiv depresjons- og angstsymptomatikk.



## **5. Diskusjon**

I denne studien var målet å undersøke om det var nokon skilnad i fatigue, og i faktorar som studier viser påverker fatigue, hos hjerneslagspasientar som fekk høgintensiv, variert gangtrening kontra konvensjonell fysioterapi. I dette kapittelet vil eg først diskutere resultata opp mot tidlegare studiar. Deretter følger ein diskusjon rundt metoden og måleverktøya brukt i studien. Til slutt vil eg diskutere denne studien sine kliniske implikasjonar og behov for vidare forsking.

### **5.1. Resultatdiskusjon**

#### **5.1.1. Fatigue**

I denne studien var det ingen signifikant skilnad i endring av score mellom gruppene i PROMIS Fatigue, og på bakgrunn av dette kan vi ikkje seie at intensiv, variert gangtrening har ein påverknad på graden av subjektiv fatigue hos hjerneslagspasientar i subakutt fase.

Ein mogleg årsak til at det ikkje er noko skilnad i endring i PSF hos dette utvalet, er at det er svært tidleg i forløpet. Som presentert i teorikapittelet ser det ut til at det er forskjellige faktorar som påverkar PSF til forskjellig tid, der biologiske faktorar speler ein større rolle i tidleg fase enn psykologiske faktorar og adferdsfaktorar, som vert tydlegare i kronisk fase(Wu et al., 2015). Dei studia som har sett på meistringstru og kontrollplassering har hatt eit utval som i hovudsak har teke for seg kroniske slagpasientar(Schepers et al., 2006). Det kan til dømes tenkast at dersom variert, intensiv trening har ein innverknad på faktorar som påverkar fatigue, som meistringstru, depresjon, kontrollplassering (beskrive i kapittel 2) kan det hende at dette ikkje har ein innverknad så tidleg i forløpet, men at denne kan ha ein større påverknad seinare.

Det er vanskeleg å seie noko om overførbarheten til andre studiar, då medianlengda mellom baseline og utskriving var på 28 dagar, der 2. datainnsamling i andre studiar oftast ligg frå rundt 3-6 månader og opp mot eit år etter baseline (Kjeverud et al., 2020; Halvor Naess et al., 2012; Schepers et al., 2006). I tidlegare studiar er det delte resultat om utviklinga av PSF, der studiar både har vist reduksjon og auke av PSF over tid(Duncan, Wu, et al., 2012) og ein nyleg norsk studie viste ingen signifikant endring av PSF dei første 18 månadane (Kjeverud et al., 2020).

### **5.1.2. Affektive symptom**

Når det vart kontrollert for baselineverdiar, vart det i denne studien ein tendens til skilnad i endring mellom gruppene, men denne skilnaden var ikkje signifikant verken for angst ( $p=.052$ ) eller for depresjon ( $p=.09$ ). Derimot var det for PROMIS depresjon ei mykje større variasjon i utvalet i intervensionsgruppa, med eit nesten dobbelt så stort interkvartilområde som for kontrollgruppa. Effekten av fysisk aktivitet og trening er kjent frå slagpasientar i både subakutt og kronisk fase(Aaron et al., 2016; Eng & Reime, 2014), og det er difor litt overraskande at det ikkje er ein større skilnad på PROMIS Depresjon, men det kan vere at det også her kan vere ein noko kort intervasjonstid, ettersom desse studia.

### **5.1.3. Søvnforstyrringar**

Når det vart kontrollert for baselineverdiar, vart det i denne studien observert ein statistisk signifikant skilnad i endring mellom gruppene i PROMIS Søvn, noko som indikerar at intensiv, variert gangtrening påverkar subjektive søvnforstyrringar hos hjerneslagpasientar.

### **5.1.4. Baselineverdiar og terskelverdiar**

Basert på terskelverdiar for mild (T-score 55-60), moderat (60-70) og alvorleg grad ( $>70$ ) av symptomatikk, var prevalensen for affektive symptom ved baseline totalt 25.7% for depresjonssymptomatikk og 28.7% for angstsymptomatikk. Dette samsvarar godt med tidlegare studiar, der om lag 29-36% opplever depresjonsymptom og 20-24% opplever angst ((Burton et al., 2012; Chun et al., 2018; Hackett et al., 2008). Med dei same generelle terskelverdiane var prevalensen for mild og moderat fatigue 22%, og for søvnforstyrringar 42.6%, noko som ligg noko lågt under det som er rapportert i tidlegare studier, med henholdsvis 23-95% prevalens av fatigue og opp mot 78% prevalens av søvnforstyrringar (Choi-Kwon & Kim, 2011; Duncan, Wu, et al., 2012; Pasic et al., 2011). Studiar som har undersøkt terskelverdiar i PROMIS Fatigue, søvnproblematikk, angst og depresjon for kreftpasientar, kom fram til at terskelverdiane for denne pasientgruppa er noko lågare enn hos den generelle når det gjelder Fatigue og Søvn, der t.d. PROMIS Fatigue har ein terskelverdi for mild grad av fatigue ved ein T-score på mellom 50 og 59 poeng. I dette utvalet ville dette dobla antallet med mild grad frå 10 til 20 stykker, og økt prevalensen for mild og moderat fatigue til 31.3%. Dette stemmer betre med prevalensen målt i andre studier, også i Noreg, der andelen med ligg på mellom 42.3-57% (Lerdal et al., 2011; Halvor Naess et al., 2012) For

søvnproblematikk er samtlege tersklar forskyve mot venstre, der terskelverdiar for mild grad av symptomatikk ligg på 45-55, noko som interessant nok er under gjennomsnittet på befolkningsnivå(Rothrock et al., 2019), og med desse terskelverdiane ville andelen med søvnforstyrringar auka til 73.3%, som er ganske likt tal frå andre studier (Pasic et al., 2011).

### **5.1.5. Kliniske versus signifikante endringar**

Utvælet som heilskap viste ei statistisk signifikant endring av alle utfallsmål for utvælet som heilskap og for intervensionsgruppa i denne studien, men dette er ikkje naudvendigvis klinisk signifikant(Armijo-Olivo, 2018). Den tydlegaste skilnaden i endring mellom gruppene er i PROMIS Søvn, der det er ein skilnad på 2.4 poeng i favør for intervensionsgruppa, fulgt av PROMIS Fatigue, der det er ein skilnad på 2.0 poeng. Basert på terskelverdien for minste signifikante endring på 3.5 poeng er endringa innad i intervensionsgruppa signifikant, men den er ikkje klinisk signifikant større enn kontrollgruppa.

Både PROMIS Angst og PROMIS Depresjon har statistisk signifikante endringar som samla utval, men har ein medianendring på 0.0-0.5, og når den lågaste grensa minste signifikante endring kan dette neppe ein klinisk signifikant endring. Det er mogleg at ein golveffekt for fleire av kortformsskjema kan ha påverka desse resultata.

### **5.1.6. Golveffekt**

Basert på retningslinjane til Terwee m.fl., der grensa for at det er ein golveffekt i materialet ligg på 15%, kjem tre av fire utfallsmål over denne grensa, der PROMIS Angst og PROMIS Depresjon ligg på henholdsvis 32% og 30%, PROMIS Fatigue ligg på ca. 20%, og PROMIS Søvn ligg på ca. 3%. Då PROMIS Søvn var det einaste utfallsmålet som hadde ein signifikant skilnad i endring, og som òg hadde den tydlegaste klinisk signifikante endringa, er det mogleg at dette har leia til ein redusert responsitivitet i materialet (Terwee et al., 2007).

## **5.2.Metodediskusjon**

### **5.2.1. Studiedesign**

Denne studien vart gjennomført som ein kvantitativ pre-post-studie med kontrollgruppe, og kan då kategoriserast som eit ikkje-randomisert studie. Ikkje-randomiserte studiar er mindre sikre enn randomisert-kontrollerte studiar (RCT-studiar), men i ein klinisk samanheng er ikkje dette alltid mogleg å gjennomføre RCT-ar grunna praktiske, tidsmessige eller økonomiske

omsyn(Harris et al., 2006). Pre-post-studiar med kontrollgruppe er ein type ikkje-randomiserte studiar som kan vere svært nyttige i kontekstar der ein ny intervensjon vert implementert, då det naturleg dannar seg ei kontrollgruppe av deltarar som kan innhentast i forkant av intervensjonen(C. J. Miller, Smith, & Pugatch, 2020).

Det svakaste punktet i kvasiekperimentelle studiar, er mangelen på randomiserte deltarar(Harris et al., 2006). Dette utgjer ein trussel mot den interne validiteten til studien, då vi ikkje kan vere sikre på at det ikkje er andre faktorar som kan ha påverka det endelege resultatet. Denne trusselen vert redusert i denne studien både ved at det er med ei kontrollgruppe og at det har foregått ei datainnsamling ved baseline (Clifton & Clifton, 2019). Når gruppene vert kontrollert for signifikante skilnadar ved baseline, vil ein både kunne seie noko om kor like gruppene er ved baseline, og eventuelle signifikante skilnadar kan gjerast greie for. I denne studien var gruppene var svært like, bortsett frå opphaldslengda, der det var ein statistisk signifikant skilnad, noko som kan ha vore med å påverke sluttresultatet. For å heve den statistiske styrken til studien, kunne utfallsmåla vore målt ved ei eller fleire anledningar seinare i forløpet, noko som ville gjort studien til eit avbrutt tidsserie design (interrupted time-series design)(Harris et al., 2006). Dette ville gjort det lettare å kartlegge og kontrollere for konfunderande faktorar og RTM, samt vist ein eventuell overgang frå institusjon til heim, noko eg tek nærmere opp i .

### **5.2.2. Utval og generaliserbarheit**

Grovt kan ein dele utveljing av utval inn i to grupper: sannsynsutval og ikkje-sannsynsutval(Elfil & Negida, 2017). Hovudprinsippet for sannsynsutval er at alle subjekt i målpopulasjonen skal ha like sjansar for å bli valgt ut til populasjonen. Dette er ein metode som gjer studien meir generaliserbar til den generelle populasjon, men er både tidkrevjande, dyr og tungvint. I eit ikkje-sannsynsutval vert utvalet teke ut på ein ikkje-systematisk måte, der det ikkje er likt sannsyn for at alle subjekt i målpopulasjonen skal bli valgt ut til populasjonen i studien. Makelegheitsutval (på engelsk «convenience sampling») er når forskarar vel ut deltarar på bakgrunn av tilgjengelegheit og nærskap. Dette har vore gjort i dette studiet, ved at deltarar vart rekruttert blant hjerneslagspasientar innlagt på Forsterket Rehabilitering Aker og OUS Aker. Makelegheitsutval er mindre overførbart til ein generell populasjon, men kostar mindre å gjennomføre, tek mindre tid og er generelt meir lettvint (Elfil & Negida, 2017).

Så er spørsmålet om det utvalet vi har fått basert på kriteria nemnt ovenfor er representative for ein generell slagpopulasjon. Utvalet som heilskap hadde ein median alder på 74 år, 43.5% var kvinner, 74.2% hadde fått infarkt og 24.7% blødning. Når vi samanliknar dette med tal frå Norsk Hjerneslagsregister frå 2016, hadde ein typisk hjerneslagspasient ein median alder på 76 år, 46% var kvinner, 85% hadde hjerneinfarkt og 13% blødning. På bakgrunn av desse bakgrunnsvariablane, ser det ut til at utvalet i denne studien tilsvarar ein generell slagpopulasjon. Inklusjons- og eksklusjonskriteriar er derimot med på å avgrense kven resultata kan generaliserast til (Bjørndal & Hofoss, 2017). Det er ikkje alle med hjerneslag som får plass på OUS Aker eller FRA, grunna kriteria dei har for innlegging. På OUS Aker vert det sett krav til at pasienten mellom anna skal vere medisinsk stabil, vere vaken/utan delir og ha eit opptreningspotensiale der den skal kunne skrivast ut til heimen, noko som utelukkar slagpasientar som bur på sjukeheim eller andre institusjonar. Manglande opptreningspotensiale inkluderar òg pasientar som har låg grad av fysiske og kognitive utfall, og som blir henvist direkte til heimen og som vi veit opplever ei signifikant grad av PSF(Radman et al., 2012). På FRA omfattar desse kriteria eit nyleg oppstått funksjonstap hos pasientar som er tenkt heim, det skal vere behov for tverrfagleg rehabilitering, den medisinske situasjonen skal vere avklart, pasienten skal vere stabil, det skal vere eit potensial for rehabilitering og pasienten skal kunne opphalde seg minst 3-4 timer utanfor senga frå dag 1(Helseetaten, 2017). I tillegg var det gitte kriteriar i moderstudien (sjå kap. 3.2.1) som vidare begrensa inklusjon til denne studien. Utvalet består då av ein gitt type slagpasientar, der pasientar som anten er for «friske» til å bli henvist (t.d. grunna ingen nedsett gangfunksjon) eller for dårlege (t.d. pasientar med alvorlege komorbiditetar, ingen gangfunksjon eller som ikkje bur i eigen heim), ikkje blir representerte i dataa.

### **5.2.2.1.Utvalsstørrelse og fråfall**

Det er óg mogleg at størrelsen på utvalet har vore med på å påverke den eksterne validiteten til denne studien. Når ein planlegg ein studie, er det størrelsen på den forventa endringa og standarddeviasjonen til gruppa som avgjer kravet til antal deltakarar(Jones, Carley, & Harrison, 2003). Dersom ein i forkant av ein studie forventar ei stor gjennomsnittleg skilnad mellom gruppene som har liten grad av spreiling, set dette eit lågare krav til antal deltakarar enn dersom ein forventar ein mindre skilnad med ein større grad av spreiling. Ei utrekning av statistisk kraft er då essensiell for å estimere kor deltakarar som trengs for å eliminere type 2-

feil (der ein feilaktig forkastar hypotesen). Størrelsen på utvalet, spesielt med det vesentlege fråfallet frå baseline til utskriving, er difor eit område som svekker styrken til studien.

Då PROMIS-instrumenta var eit sekundærmål i hovudstudien, kan desse ha vorte nedprioriteret grunna tidsmangel ved utskriving til fordel for primærmåla i studien. I datainnsamlinga vart heller ikkje notert kvifor skjemaa ikkje vart fylla ut, noko som kunne vore nyttig for å forklare årsaka til fråfallet, t.d. om dette primært var på grunn av manglande prioritering av skjemaet av personale, om deltakarar ikkje ville eller klarte å fylle ut skjemaet, eller om det var andre grunnar til at dette ikkje vart gjort. I studiar som har sett på rekruttering av eldre, trekk dei fram fleire faktorar hos som kan hemme rekruttering og føre til fråfall i løpet av studien. I tillegg til reint fysiske faktorar, som nedsett syn og finmotorikk, kan også fatigue, angst og depresjon føre til at eldre ikkje ønskjer å delta eller fortsette i studiar, noko som kan gjere dei vanskelege å undersøke (Mody et al., 2008). Trass at fråfallet vart vurdert med statistiske analyser til å vere tilfeldig fråfall, er eit fråfall på høvesvis 20% og 16% hos kontrollgruppa og intervensionsgruppa med på å redusere styrka til studien ytterlegare, og då spesielt den interne validiteten (Harris et al., 2006; Lydersen, 2019).

### **5.2.2.2.Tidspunkt for datainnsamling**

